



Årsmelding 2006





Radøy kommune

Radøy-Nytt nr 3/2007

Radøy



Folketalsutvikling



Innhold

Rådmannen sin kommentar.....	3	Psykatri.....	21
Økonomisjef.....	4	Fysioterapi.....	21
Politisk organisering.....	7	Sosialtenesta/barneverntenesta/flyktningar.....	22
Administrativ organisering.....	8	Tenester for bu- og funksjonstrening (BF-tenesta).....	23
Sentraladministrasjonen.....	9	Hordabøheimen.....	24
Frivilligsentralen.....	10	Velferdssenteret.....	25
Prestmarka barnehage.....	11	Heimetenesta.....	26
Sæbø barnehage.....	12	Teknisk utbygging/drift.....	27
Bø barnehage.....	13	Plan/byggesak/oppmåling.....	28
Austebygd skule og barnehage.....	14	Jordbruk.....	28
Hordabø skule.....	15	Miljø.....	29
Manger skule.....	16	Skogbruk.....	29
Sæbø skule.....	17	Kommunalt næringsfond.....	29
Radøy ungdomsskule.....	18	Kultur/kulturminnevern.....	30
PL Arbeid og opplæring.....	19	Radøyhallen.....	30
Radøy kommunale kjøkken.....	19	Musikk- og kulturskulen.....	31
Helsetenester.....	20	Bibliotek.....	31
Jordmør.....	20		

Rådmannen sin kommentar



Leif Taule
Konst. rådmann (2006)

Årsmeldinga har som hovudfunksjon å synleggjera den kommunale innsatsen som har funne stad i 2006, saman med resultatet frå rekneskapen. Årsmeldinga vert som vanleg skriven i komprimert form, og dette fører til at årsmeldinga avgrensar seg til hovudaktivitetar, tiltak og hendingar innanfor dei einskilde hovudområda.

Radøy kommune har om lag 410 tilsette, men ein god del er deltidstilsette slik at talet på årsverk er om lag 320. Kvinnene utgjer 81% av dei tilsette. Lønnskostnadene utgjer 70% av dei totale driftskostnadene til kommunen. I tillegg er det mange frivillige som på idealistisk og uløna grunnlag yter stor innsats for fellesskapet. Eit stort mangfald av tenester vert produsert med oppvekst og omsorg som dei to største innsatsområda, både i tal årsverk og ressursbruk.

Driftsbudsjettet for 2006 var svært stramt - ikkje minst fordi det måtte budsjetterast med 3,7 mill. kr til delvis inndekking av oppsamla underskot. Kommunen sine driftsinntekter kom opp i 226,3 mill. kr, medan drifta kosta 229 mill. kr som gjev eit negativt brutto driftsresultat på 2,7 mill. kr. Etter finanstransaksjonar vart imidlertid netto driftsresultat på 7,683 mill. kr som er det beste ordinære resultatet Radøy kommune nokonsinne har oppnådd. Dette førte til at kommunen klarte å betala ned heile resterande oppsamla underskot på 7,7 mill. kr, og dermed har kommunen fått eit langt betre utgangspunkt for den kommunale drifta i 2007 enn det ein rekna med.

Radøy kommune driftar jamt over svært nøkternt og rasjonelt, og resultatet for 2006 viser at einingane lojalt har slutta opp om den strame linja. I all hovudsak har budsjettrammene blitt haldne, og oppsamla underskot kunne difor slettast. Det er difor all grunn til å gje stor honnør til leiarar og tilsette på alle einingar og avdelingar for stor innsats og stå-på-vilje i 2006!

I 2006 vart det gjort investeringar for 19,7 mill. kr. Dei største investeringane er 8 nye omsorgsbustader innan psykiatri og nytt ventilasjonsanlegg + ein del rehabilitering ved Radøy ungdomsskule. Av større prosjekt som kjem i gong i 2007, er det gjort politiske vedtak for 15 nye sjukeheimplassar gjennom ei utbygging av Velferdssenteret og utarbeiding av forprosjekt for ny skule i Sæbø. Dette vil vera to store, men heilt nødvendige løft for kommunen som vil gje ein kraftig auke i lånegjelda,

og som igjen vil måtta føra til framleis strame driftsbudsjett då utgiftene til renter og avdrag vil auka mykje. Det er elles gledeleg at første bind av bygdeboka for Radøy vart ferdig på slutten av året til stor glede for alle som har venta lenge og vel på realiseringa av denne. Det vert no rekna med eitt bind kvart år framover i 3-4 år.

Ei hovudutfordring for kommunen i åra framover er å få lagt til rette for auke i folketalet. Siste året var auken 23 slik at folketalet no er 4658. Dette gjer at vi ikkje får trekk i overføringane frå staten, og med ein framleis bra auke i åra som kjem, vil kommunen få større inntekter som gjer det lettare å få nok midlar til å oppretthalda tenestetilbodet til innbyggjarane. Det er no ferdigregulert to større bustadområde på Manger: Selfallet og Hesthaugen med samla 120 bueiningar, og det ser ut til å nærma seg oppstart i Austmarka øvre (90 bueiningar) tder kommunen inngjekk opsjonsavtale med utbyggjar. Det vil og truleg koma i gong bygging i ferdigregulert felt i Sæbø sentrum. Utsiktene til auka folketal skulle såleis vera gode. I Austmarka er det også utsikter til at det kan verta utbygging i forretningsområdet med butikk og bensinstasjon.

I 2006 vart det gjort vedtak om oppretting av ei barne- og familietenesta i Radøy. Her samlar vi barnevern, helsestasjon, jordmor, PPT og psykiatri under felles leiding og mest mogleg samlokalisert. Dette interkommunale samarbeidet kring PPT og barnevern vart difor avslutta ved årsskiftet. Vi satsar no på ei samla teneste nærast mogleg brukarane, og ser fram til at dette skal gje best mogleg resultat for dei som treng desse tenestene.

Siste året vart eit noko spesielt år med skifte av rådmann og knapp bemanning i administrasjonen. Konst. rådmann vil nytta høve til å gje ros til medarbeidarane for stor og god innsats i året som har gått, og takka for godt samarbeid. Rådmannen vil også takka tillitsvalde og politikarar for godt samarbeid til beste for utviklinga av kommunen. Christian Fotland vart tilsett som ny rådmann frå 1.1.2007, og eg vil gjerne nytta høve til å ynskja han lukke til i stillinga og vonar han får mange gode år i Radøy kommune si teneste!

Radøy kommune si årsmelding for 2006 vert med dette lagt fram.

Økonomisjef



Sveinung Kvamme
økonomisjef



Rekneskapa for 2006 er oppgjort med eit netto driftsresultat på 7,683 millionar kroner i «overskot». Dette er markant og positiv framgang i høve til tidlegare år.

Netto driftsresultat ligg på 3,5%, noko som må reknast som tilfredsstillande.

Det er likevel slik at brutto driftsresultat syner eit underskot på om lag 2,7 mill. Brutto driftsresultat seier noko om tilhøvet mellom kommunen sine driftsinntekter og driftskostnader - utanom renter, avdrag, utbytte og liknande. Med økonomisk «sunn» drift, bør brutto driftsresultat også vera positivt. Men Radøy må attende til 2001 for å finna eit år med positive brutto driftsresultat. Negativt brutto driftsresultat, kombinert med store investeringar, kan vera ein indikasjon på at kommunen sine reservar vert tappa over tid. Frå ein driftsøkonomisk ståstad, kan økonomisjefen såleis ikkje seia seg fullt ut nøgd med drifta i 2006

Som den grafiske framstillinga av kommunen

Driftsrekneskapa	2006	Budsjett 2006	2005
Driftsinntekter			
Brukarbetalingar	(12 203)	(10 029)	(13 445)
Andre sals- og leigeinntekter	(22 645)	(21 096)	(22 330)
Overf. med krav til motyting	(43 719)	(31 857)	(40 136)
Rammetilskot frå staten	(64 742)	(63 936)	(61 179)
Andre statlege overføringar	(6 885)	(5 084)	(6 891)
Andre overføringar	(96)	(230)	(145)
Skatt på inntekt og formue	(75 025)	(75 605)	(68 736)
Eigedomsskatt	(1 052)	(1 120)	(557)
Sum driftsinntekter	(226 367)	(208 957)	(213 420)
Driftsutgifter			
Lønsutgifter	127 544	119 496	123 256
Sosiale utgifter	33 871	35 989	34 454
Kjøp som inng. i komm. prod.	30 102	27 814	28 893
Kjøp som erstattar eigen prod.	11 450	9 273	8 597
Overføringar	12 982	11 761	12 628
Avskrivningar	9 617	8 496	8 673
Fordelte utgifter	3 481	1 833	1 855
Sum driftsutgifter	229 047	214 662	218 356
Brutto driftsresultat	2 680	5 705	4 936
Resultat eksterne finanstransaksjoner	(746)	(168)	1 650
Motpost avskrivningar	(9 617)	(8 107)	(8 673)
Netto driftsresultat	(7 683)	(2 570)	(2 086)



sine driftsinntekter syner, kjem største delen av kommunen sine inntekter frå skatt og rammetilskot. Radøy er mellom dei kommunane i Hordaland som har lågast skatteinnngang pr innbyggjar, og vi får difor etter måten store overføringar for å jamna ut skatteinntekte i høve til landet. Vi får likevel ikkje kompensert denne «mindreskatten» fullt ut, slik at vi har mindre «pengar å rutta med» enn ein kommune som har skatteinnngang lik gjennomsnittet. Dette betyr at Radøy kommune heile tida må ha eit kritisk auge til driftskostnadene.

Kommunen sine driftsutgifter er først og fremst løn og sosiale utgifter. Samla sett utgjør desse kostnadene like over 70% av dei totale driftskostnadene. Samanliknar ein dei høvesvise tala for 2006 og 2005, ser ein at løn og sosiale kostnader har gått litt ned i 2006. Dette er positivt, og syner at vi har bra kontroll på lønskostnadene. Det er viktig at lønskostnadene vert følgt tett opp i åra som kjem.

Resten av driftskostnadene syner samla sett mindre endringar frå tidlegare år. Kjøp som erstattar eigenproduksjon syner ein auke, noko som mellom anna har samanheng med kjøp av eksterne tenester innan barnevern og rusomsorg. Det er samstundes viktig å peika på at fleire av desse tiltaka også løysar ut statlege tilskotsmidlar, noko ein mellom anna ser av at «Overføringar med krav til motyting» på inntektssida, har auka noko frå 2005.

Einingane har i all hovudsak halde seg innafør dei tildelte budsjetttrammene i 2006. Einingsleiarane har i løpet av året hatt direkte tilgang til løpande oppdaterte

rekneskapstal gjennom kommunen sin Agresso portal. I 2007 vert det også sett i verk elektronisk handsaming av inngåande faktura, noko som vonleg vil gje endå betre kontroll og oversikt for einingsleiarane.

I fleire år har pensjonskostnadene vore omtala i årsmeldinga som ei årsak til kostnadsvekst. I 2006 har pensjonskostnadene halde seg på eit «normalt» nivå. Nye reglar for utreknings av pensjonskostnader har fått tid til å verka nokre år, og det ser ut til pensjonskostnadene no er meir føreseielege enn tidlegare år. Med aukande rentenivå, er det grunn til å tru at pensjonskostnadene vil vera under kontroll også i åra som kjem.

Rentenivået har gått noko opp i løpet av 2006, og denne utviklinga ser ut til å halda fram i tida som kjem. Kommunen har ikkje bunde renta på innlån, men har valt å halda seg på flytande rente. Over tid vert flytande rente vurdert som det mest gunstige. Men det stigande rentenivået vil føra til aukande utfordringar i åra som kjem, ikkje minst fordi kommunen står overfor store investeringar i åra som kjem. Fram til 2010 vil rentekostnadene auka mykje, sjølv om renta - i strid med alle spådommar - skulle halda seg uendra i perioden. Dette understrekar kor viktig det er å halda stram drift i åra som kjem.


Det positive netto driftsresultatet kjem først og fremst som følgje av eit stort aksjeutbytte frå BKK og kursgevinst på kortsiktige finansielle plasseringar. Utbyttet frå BKK vil truleg halda seg på eit høgt nivå i åra som kjem, men det er verre å meina noko om korleis utviklinga på børsane vert. Uansett vil kommunen truleg måtta realisera både aksjar og forndsplasseringar for å kunna finansiera investeringane i dei neste tre åra. Gjennom dei siste åra har kommunen sin arbeidskapital svekka seg monaleg. Arbeidskapitalen fortel noko om korleis kommunen sin likviditet er. I 2005 var arbeidskapitalen redusert med nær 10 mill, medan 2006 gav ein ytterlegare reduksjon på 4,5 mill.

Investeringsrekneskapen	2006	Budsjett 2006	2005
Investeringsinntekter			
Sal av driftsmidlar og fast eigedom	(2 068)	(4 500)	(790)
Andre salsinntekter	(166)	-	-
Overføringar med krav til motyting	(73)	-	(1 549)
Statlege overføringar	(200)	-	-
Sum investeringsinntekter	(2 507)	(4 500)	(2 339)
Investeringsutgifter			
Lønsumgifter	502	-	599
Sosiale utgifter	119	-	131
Kjøp som inng. i komm. prod.	15 022	25 400	15 355
Kjøp som erstattar eigen prod.	30	900	60
Overføringar	3 859	-	4 740
Renteutgifter m.v.	2	-	-
Fordelte utgifter	210	-	85
Sum utgifter	19 743	26 300	20 970
Finansieringsutgifter	7 793	-	5 669
Fondsavsetningar	1 020	-	18 849
Sum finansieringstransaksjonar	8 813	-	24 517
Sum trong for finansiering	26 049	21 800	43 149
Bruk av lån	(13 184)	(7 000)	(13 666)
Overført frå driftsrekneskap	(1 836)	-	(18 000)
Mottekne avdrag	(269)	-	(1 249)
Bruk av fond	(10 758)	(14 800)	(10 234)
Sum finansiering	(26 049)	(21 800)	(43 149)


Rekneskapsoversyn pr område

	2006	BR 2006	2005
Politisk	1 753 296	1 809 000	1 882 654
Administrasjon	14 071 253	15 311 000	15 776 150
Kyrkja	2 559 857	2 560 000	2 692 777
Grunnskulen	47 186 283	48 809 600	43 337 556
Barnehagar	1 721 388	1 858 000	536 144
SFO	426 217	302 000	268 438
PL Arbeid og opplæring	1 903 883	1 861 200	1 891 374
Bibliotek, musikkskule, vaksen	1 774 661	2 097 000	1 933 514
Sosial, barnevern, flyktningar	11 452 402	10 653 000	10 284 263
Helse	6 785 831	6 204 000	5 887 917
Pleie og omsorg	52 270 775	54 508 000	50 233 536
Plan, landbruk, miljø	2 136 730	2 120 000	1 998 382
Teknisk drift	5 124 056	5 143 000	5 770 692
Finans	(149 167 740)	(153 235 800)	(142 493 399)
			-

Utvikling av driftsinntekter og driftsutgifter



Utvikling av netto driftsresultat i % av inntekter



Andre mål på kommunen sin likviditet er det som kalles «Likviditetsgrad 1». Til vanlig bør likviditetsgrad 1 ha ein talverdi på minst 2. Denne har synt ein fallande kurve dei siste åra, og har gått frå 1,96 i 2004, til 1,87 i 2005 og 1,71 i 2006. Dette er ikkje dramatiske tal, men understrekar at kommunen sin økonomiske situasjon vert gradvis forverra.

Likviditeten er likevel tilfredsstillande, og det har i løpet av 2006 ikkje vore på tale å nytta kassakreditt for å dekkja løpande forpliktingar. I 2007 kan det bli aktuelt å måtta gjera dette, framfor å realisera fond, t.d. i samband med utbetaling av løn og feriepengar i juni.

Det positive netto driftsresultatet gjer at Radøy kommune kan kvitta seg med alt oppsamla underskot i 2006. Etter fylkesmannen sin godkjenning av årsrekneskapen, skal kommunen såleis gå ut av registeret for betinga godkjenning og kontroll, (ROBEK).


Balanse pr 31.12. i rekneskapsåret

Eigendelar	(tal i helle tusen)	
Anleggsmidlar	2006	2005
Faste eigedomar og anlegg	214 280	207 291
Utstyr, mask. og transportmidl.	10 327	10 828
Utlån	12 048	9 536
Aksjer og andelar	92 570	81 075
Pensjonsmidlar	191 122	171 062
Sum anleggsmidlar	520 347	479 823
Omvlopsmidlar		
Premiesvikt	3 023	4 000
Kortsiktige fordringar	14 872	14 783
Aksjer og andelar	6 541	5 582
Obligasjonar	6 838	6 308
Kasse og bank	21 165	25 030
Sum omlopsmidlar	52 439	56 703
Sum eigendelar	582 392	554 204


Gjeld og eigenkapital

Eigenkapital	(tal i helle tusen)	
Disposisjonsfond	(11 571)	(11 489)
Bundne driftsfond	(809)	(2 055)
Ubundne investeringsfond	(11 468)	(21 205)
Bundne investeringsfond	(864)	(864)
Rekneskapsm. meirforbruk	-	7 730
Rekneskapsm. mindreforbruk	(848)	
Likviditetsreserve	6 417	6 417
Kapitalkonto	(201 907)	(198 715)
Sum eigenkapital	(221 048)	(220 180)
Gjeld		
Pensjonsforpliktning	(223 805)	(201 826)
Ihendeheverobligasjonslån	-	(5 570)
Andre lån	(107 137)	(88 382)
Kortsiktig gjeld	(30 803)	(30 237)
Sum gjeld	(381 345)	(334 024)
Sum gjeld og eigenkapital	(582 392)	(554 204)

Kommunen sitt garantiforvar (i helle tusen kroner)




Endring likviditetsgrad 1




Nøkkeltal

	2006	2005	2004
Brutto driftsres. i % av innt.	-1,2 %	-1,7 %	-5,9 %
Renter/avdrag i % av inntekt	-0,3 %	0,8 %	1,3 %
Netto driftsres. i % av innt.	3,4 %	1,0 %	-3,9 %
Bruttoinvest. i % av inntekt	8,7 %	10,1 %	9,4 %

Brutto lånegjeld pr innbyggjar (i helle tusen kroner)



Lånsiktig gjeld (i helle tusen kroner)



Politisk organisering

Kontrollutval 2003 - 2007

Arne Villanger (leiar) • • • •
Brith Jacobsen Sylta (FrP) nestleiar,
Bjørn Ove Myking (Ap), Kjersti Haug-
land (Sp), Målvi Vågenes (H)

Kommunestyret

valperioden 2003 - 2007

har 25 representantar med
slik partivis fordeling:
SP 7, Ap 5, Frp 5,
H 3, V 3, Krf 2

Formannskapet



Olav Steinar Namtvedt (Sp)
ordfører



Ragnar Floen (Ap)
varaordfører



Vigdis Villanger (Sp)



John Bauge (H)



Jonny Sjursen (Frp)
flytta frå kommunen mars
2006



Bjørg Murberg (V)



Grethe Lunde (Krf)

Hovudutval for plan, næring og teknisk 2003 - 2007

Leiar Jan Tore Hvidsten (V), nestleiar Lena
Bø Nilsen (Frp), Ivar Soltveit (Sp), Bjørg
Skarbo (Sp), Astrid Nordanger (Ap), Audun
Sylta (H), Tore M Hamre (Frp)

Administrasjonsutvalet

er personidentisk med formannskapet.

I tillegg kjem to representantar for ar-
beidstakarorganisasjonane:
Else Soltveit og Kirsti Gjetle Floen
(begge frå Fagforbundet)

Eldrerådet

2004 - 2007

Leiar: Astrid Hagen
Nestleiar: Vemund Gunnarson
Dagfinn Tjore, Mary Rikstad, Vigdis
Villanger og Ragnar Floen

Barne- og ungdomsrådet har 13 medlemmer: 1 elev frå kvar ungdomsskuleklasse og 4 representantar frå aldersgruppa 16-19 år. Anette Gran er leiar og Janne Tjore er nestleiar. Miljøarbeidar Geir Olav Repål er administrasjonen sin kontaktperson i rådet. Rådet har hatt 3 møte i 2006, og av sakene som har vore drøfta nemner vi ungdomskafétilbod på Manger og innspel til Kommunedelplan Manger og reguleringsplanen for Manger sentrum. Rådet har i 2006 løyvd kr 15.000 til fus-frie arrangement og rockeverkstad. Anette Gran har vore rådet sin representant i referansegruppa for planarbeidet.

Den kommunale fritidsklubben har hatt ope annankvar fredag i Ungdomshuset Solvang, Manger. I haust var oppslutninga i gjennomsnitt på 50-60 ungdomar kvar kveld.

Ordførarkjede


I 2006 fekk ordføraren overrekket ordførarkjede, som næringslivsverksemdene i kommunen finansierte gjennom eit spleiselag.

Kommunalt næringsfond

I 2006 var det sett av kr 500.000 som kommunale næringsfondsmidlar. Av desse midlane vart kr 100.000 nytta som tilskot til Nordhordland Reiselivslag. Formannskapet handsama 8 søknader og 6 søknader fekk tilsegn om midlar på i alt kr 290.000. Største tilskotet fekk Manger Seafood med kr 150.000. Til marknadsføring vart det nytta kr 35.000.

Administrativ organisering

Stab



Brutto lønsutgifter

Tal i heile tusen	2006	%-vis	Årsverk
Politisk	1 203	0,75	1,00
Administrasjon	10 875	6,78	21,35
Grunnskulen	40 116	25,00	83,77
Barnehagar	17 994	11,21	45,98
SFO	2 120	1,32	5,73
PL Arbeid og opplæring	1 758	1,10	3,90
Bibl/musikksk/vaksenoppl.	2 487	1,55	5,82
Sosial, barnevern, flyktning	4 872	3,04	7,90
Helse	8 020	5,00	19,02
Pleie og omsorg	61 724	38,46	115,89
Plan, landbruk, miljø	3 163	1,97	7,00
Teknisk drift	6 134	3,82	12,42
Finans	5	0,00	
Sum	160 470	100	329,78

Sentraladministrasjonen



Bjørg Johnsen
Konst. ass. rådmann



Helge Vallestad
spesialkonsulent



Harald Stanghelle
spesialkonsulent IKT

Sentraladministrasjonen som omfattar rådmannskontoret, økonomikontoret, løns- og personalkontoret, sørvistorget og IKT, har si viktigaste oppgåve i å koordinera arbeidet rundt resultatteiningane og samordna og førebu saker til formannskap og kommunestyre. Andre oppgåver er m.a. sivil beredskap og sekretariat for eldrerådet og kommunalt råd for funksjonshemma. Radøy kjøper revisjonstenester hjå Nordhordland Revisjon IKS og Helge Kvingedal er revisjonssjef. Kontrollutvalet har ein felles sekretariatsleiar for kommunane i Nordhordland.

Ingvard Haug slutta som rådmann 31.12.05, og Leif Taule vart konstituert som rådmann for 2006, og Bjørg Johnsen som ass. rådmann. Rådmannsstillinga vart lyst ledig hausten 2006, og Christian Fotland vart tilsett som ny rådmann frå 1.1.2007. Frå same tid vart Leif Taule ass. rådmann.

Sørvistorget har også dette året hatt minimal bemanning grunna kommunen sin tronge økonomi. Arbeidet har vore konsentret om post/arkivfunksjonane og elles førefallande informasjons- og ekspedisjonssaker i tillegg til sentralbordfunksjonen.

Sørvistorget har fått oppretta ny stilling som arkivleiar som tiltrer tidleg i 2007. Kulturkonsulent Rune Rydland var også i 2006 konstituert som leiar for sørvistorget. Prioriterte oppgåver i 2007 vert arkiv og kommunen sine heimesider.

Løn og personal

Løn og personal er ein viktig støtte- og servicefunksjon for



Kjetil Morken
Personalkonsulent

resultatteiningane som gjev råd og rettleiing i spørsmål om løn, sjukefråvær og personalpolitikk.

Avdelinga består av 3 lønsmedarbeidarar og 1 personalkonsulent. Lønsarbeid inneber m.a. utrekning og utbetaling av løn, innmelding av pensjon, registrering av fråvær. Terminoppgjjer skatt og avgift, krav om refusjon av sjukepengar mot trygdeetat er og viktige arbeidsoppgåver. Lønsmedarbeidarane rettleiar leiarar og arbeidstakarar i lønsspørsmål,

spørsmål kring sjukeløn, pensjon og andre spørsmål knytt til lønsområdet. Personalkonsulenten arbeider med arbeids-gjevarspørsmål, personalpolitikk m.a. utlysingar,



Heidi H. Birkeland
avd.leiar løn

tilsetjing, lokale lønstingingar, opplæringsplanlegging, HMT arbeid, AMU og kontakt med arbeidstakarorganisasjonar og Kommunenes Sentralforbund.

Frå 2006 tok løn over lønsarbeidet for tilsette i Radøy sokneråd. I 2006 var det hovudoppgjjer for Hovudtariffavtalen for kommunalt tilsette. Arbeid med å gjennomføre desse endringane, samt førebu og gjennomføre lokale tingingar, er ei

av mange større oppgåver som er gjennomført i 2006. I ein trong arbeidsmarknad er arbeid med å rekruttere kompetente medarbeidarar til ledige stillingar ei sentral arbeidsoppgåve. Arbeid med melderutiner til offentlege etatar som Arbeidstakarregisteret, blir no gjort gjennom rapportar frå lønssystemet. Informasjonsarbeid om løn og personalarbeid, retningslinjer for Personalpolitikk for tilsette i Radøy kommune osv er sentralt. Mykje av informasjonen til leiarar og arbeidstakarar er gjort tilgjengeleg på internettssidene www.radoy.kommune.no under knappen for tilsette.

Økonomikontoret er ein sentral tenesteytar for både kommunale einingar og «folk flest» i kommunen. I løpet av året har kontoret arbeidd med vidare utvikling av interne rutinar, og har førebudd bruk av elektronisk handsaming av inngående faktura. Dette er ei omfattande endring som får følgjer for alle einingar, men som vonleg vil føra til betre kontroll og oversikt.

Lærlingar

Radøy kommune har i 2006 hatt 11 lærlingar i følgjande fag: Kokkefaget 1 avslutta og ein tok til i 15/8-06. IKT-drift 1 ny lærling frå 15/8-06, Barne- og ungdomsarbeidar 7 lærlingar der 2 avslutta i august og kommunen tok inn 4 nye 15/08-06, Omsorgsarbeidarfaget 2 lærlingar. Tre lærlingar avslutta læretida med bestått fagprøve etter fullført læretid i 2006.

IKT-avdelinga har i 2006 hatt 1 årsverk og frå hausten ein lærling. IKT står for drift, utforming og innføring av IT og kommunikasjonsløyser og telefoni. IKT leverer tenester til 44 ulike lokalitetar, til mange av desse tenester av typen 24/7 (24 timar i døgnet, 365 dagar i året).

I 2006 er IKT infrastrukturen i Radøy kommune vidare utvikla for å utnytta felles ressursar og dei ulike einingane rusta opp for betre effektivitet og ressursutnytting. Nye domenekontrollar er sett i drift og Radøy kommune sine IKT system er knytt opp i felles domene for Nordhordland. Prosjekt er gjennomført på fakturaskanning og elektronisk utveksling av data mellom turnusprogram og lønssystem. Oppgradering av sakshandsamingsystem for sosial og barnevern har vore eit samarbeid med dei andre kommunane i

Nordhordland, felles server er plassert i og drifta av Austrheim kommune. For PPT tenesta er det plassert ein felles

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(3 446 937)	(1 816 000)	(1 533 837)
Løn og sosiale utgifter	8 503 894	8 280 000	223 894
Driftsutgifter utanom løn	5 450 088	5 714 000	(263 834)
Finansutgifter	555 816	483 000	72 816
Sentraladministrasjonen	12 059 639	13 561 000	(1 501 361)

server i Lindås kommune. Dette for å få ned kostnadene på drift av slike system og deling på ressursane. Radøy kommune er ein av partane i SING og har i stor grad vore nytta til prosjekt knytt til SING, mellom anna er det ei gruppe som arbeider med informasjonstryggleik i arbeid. Gjennom anbod er ny avtale på leveranse av nettet mellom kommunane i Nordhordland på plass. Nettet vart flytta til ny leverandør, BKK Marked, sin infrastruktur 1. desember. Skifte av leverandør gav betre hastigheit og lågare pris. I tillegg vart og Modalen kommune knytt opp i nettet og kan ta del i fellesskapen i SING. IKT i Radøy dannar saman med IKT i Lindås kommune, nettveksgruppa i SING. Denne gruppa står for drift og vidare utvikling av fellesnettet i SING. IKT har saman med Geodata gruppa i SING, vidareutvikla løysinga for kommunale kartdata på Internett. www.ordhordlandskart.no. Radøy er no leiar for styringsgruppa for kart på web. Sing har og forhandla fram ein avtale for felles telefoni, som gjev monaleg lågare kostnader. Denne avtalen vert sett i drift tidleg i 2007. Radøy kommune er ansvarleg for drift av felles telefonite-neste for Austheim, Fedje og Radøy kommunar.

Møteverksemd

Kommunestyret har hatt 8 møte og handsama 72 saker mot 8 møte og 74 saker året før. Formannskapet har hatt 16 møte og handsama 144 saker mot 19 møte og 188 saker året før. Hovudutval for plan, landbruk og teknisk har hatt 9 møte og handsama 161 saker mot 9 møte og 162 saker året før. Administrasjonsutvalet har hatt 2 møte og arbeidsmiljøutvalet har hatt 1 møte. Kontrollutvalet har hatt 3 møte.

Eldrerådet er eit lovpålagt organ som alle kommunar skal ha. Rådet vert oppnemnd av kommunestyret og har 4 medlemmer frå pensjonistlaga og 2 frå kommunestyret. Astrid Hagen er leiar. Eldrerådet har hatt 6 møte og handsama 34 saker mot 4 møte og 31 saker året før. Leiar i eldrerådet har tale- og forslagsrett i kommunestyret. Den internasjonale eldredagen 1. oktober vart markert både på Hordabøheimen og Velferds-senteret. Hovudfesten hadde ein som vanleg på Smiths møte- og selskapslokale. Festtalar var professor Astrid Nøkleby Heiberg. Ho framheva at dei eldre er ein ressurs og ho peika på kor viktig det er at kommunane har eit levande eldresenter. Eldrerådet handsama m.a. desse sakene i 2006:

- Husleiga i omsorgsbustadene
- Filialstrukturen ved Radøy bibliotek
- Bygging av nye institusjonsplassar
- Kommunedelplan Manger
- Eldredagen 2006
- Eigenbetaling innan pleie og omsorg
- Budsjett 2007

Eldrerådet har i samarbeid med Frivilligsentralen, etablert eit eldresenter som har ope 3 dagar pr. månad, og som fungerer som eit sosialt treff der ein tek opp ulike tema kvar gong. I 2007 vil eldrerådet prøva å vidareutvikla eldresenteret. I tillegg vil ein arbeida for at eldre skal få utvikla kunnskap innan data, og at eldre skal få tilbod om helsetrim.

Frivilligsentralen



Kjersti Mjøs Olsvoll

Fakta:

Frivillige timar: 5100
Tal frivillige: 150

Stillinga som dagleg leiar har vore vikariert av Kjersti Mjøs Olsvold fordi Laila S. Pletten har permisjon.

Målsetjing

Frivilligsentralen

- skal koordinere ytarar og brukarar av tenester
- skal skape trivsel og tryggleik i lokalmiljøet

Frivilligsentralen sine tenester skal vere eit supplement til offentlege og private tilbod. Målet for 2006 var å oppretthalde dei tiltaka som var i gong, så lenge behov, økonomi, tilbakemeldingar og interesse kunne forsvare det. Aktuelle tiltak: middagskjøring, natteramnar, feriekubb, besøkste-neste, enkeltoppdrag som følge til lege og ulike sosiale treff ha me arrangert. Me har og hatt helsetur til Kypros. Vidare har me delt ut frivilligprisen, samarbeidd med lag/or-ganisasjonar og rekruttert frivillige. Målsetjinga har vore å skape eit godt miljø for brukarar og frivillige i kommunen

16. desember inviterte me alle frivillige, brukarar, styret og kommuneleinga til vårt etter kvart tradisjonelle førjulstreff på Smith`s. Magnar stilte med trekkspillet og Bjørg og Otto song. Musikk- og kulturskolen hadde 2 elevar som song og underholdt for oss. Frivilligprisen vart i år delt på to, Bjørg Hermansen og Rolf Haugland fekk Frivilligprisen for deira store innsats i kvar sitt nærmiljø. Dei fekk bilete måla av lokalkunstnaren Bjarne Skjold.

Måloppnåing 2006

Måla som årsmøtet godkjende, har me nådd. Aktivitetane har vorte gjennomført i samsvar med arbeidsplanen. Me har og hatt samarbeid med Eldrerådet om eldresenter i Prestegarden tre måndagar kvar månad. Seniorsurf i samarbeid med biblioteket har vore ein av aktivitetane.

Tekst	Relasjon	Budsjett	Avvik
Driftsinntekt	(388 347)	(302 000)	(84 347)
Løn og sosiale utgifter	382 819	382 000	(10 181)
Driftsutgifter utanom løn	173 892	188 000	(14 308)
Frivilligsentralen	170 165	268 000	(97 836)

Mål for 2007

Frivilligsentralen har som overordna mål å vera ein møtestad, der frivillige og brukarar kan nytta våre tenester. Målet vårt er å vidareføre dei tiltaka som er i gang, og å vera lydhør for nye tiltak. Saman med frivillige lag vil me og prøva å etablere eit aktivitetstilbod for ulike brukargrupper.

Prestmarka barnehage



Rita Amundsen
barnehagestyrer

Fakta:

Tal tilsette:	21
Tal årsverk:	15,5
Tal born:	82
3-5-år:	56
0-3-år:	26

Prestmarka barnehage er ein femavdelings barnehage som heldt til på

Manger. Me har to avdelingar for born i alderen 3 til 5 år, ei avdeling 2-4 år og to småbarnsavdelingar for born i alderen 0 til 3 år.

Hausten 2006 starta me opp den femte avdelinga i barnehagen. Den fekk namnet Kjellarstova og har plass til ca. 12 – 13 born i alderen 2- 4 år. Avdelinga har kome godt igong og er ei kjekk avdeling å vera på. Det er tilbakemeldinga frå både born og voksne. Kunne ynskja at ein hadde litt betre plass, men har fått ei flott og koseleg avdeling.

Måloppnåing 2006

Eit av måla for 2006 var å klara å yta den servicen foreldra og borna har krav på med redusert grunnbemanning.

Dette har vore tøft og me føler at me ikkje får gitt eit godt nok tilbod til alle. Det er spesielt ved levering og henting problema er størst, det er og då den daglege kontakten med foreldra finn stad. Den er viktig for at borna skal få eit godt tilbod. Så når kvaliteten på kontakten med foreldra vert svekka vert og kvaliteten på tilbodet til borna svekka. Håpar sjølvstakt på å få tilbake den grunnbemanninga me hadde før utbygging. Me hadde og som mål å få til eit godt samarbeid på huset etter at me fekk samla heile barnehagen under eitt tak. Me er kome eit godt stykke på veg, men her er det mykje arbeid att. Dette vil vera noko me også må arbeida med i 2007.

Frå avdelingane

På avdelingane har ein jobba i høve årsplanar, og har hatt ulike tema gjennom året. Ein har fått gjennomført dei tema og aktivitetar ein hadde planlagt.

Ein har arbeidd ein del med dokumentasjon, og har vorte flinke å dokumentera det arbeidet ein gjer.

Spesielt bruk av bilete har foreldra vore positive til. Dette med dokumentasjon vil vera viktig å arbeide vidare med framover.

Mål 2007

Me vil vidareføra litt av dei måla me hadde for 2006. Barnehagen fekk ny revidert rammeplan i 2006 – me arbeider felles i barnehagane i Radøy med å få til eit utkast til felles mal for årsplan for barnehagane.

Mykje godt arbeid er gjort og me håper å få sluttført dette arbeidet i første halvdel av 2007.

I tillegg må den lokale rammeplanen for barnehagane i Radøy reviderast.

Den reviderte rammeplanen set fokus på nye fagområde som filosofi, matematikk og IKT og me vonar me får nyttig lærdom i desse faga på kursdagen i februar 07.

Den nye kunnskapen skal me fortløpande ta i bruk overfor borna.

Barnehagen vil rette ein stor takk til ulike personar i nærmiljøet som viser oss stor velvilje og samarbeidvilje!

Me må òg få retta ein stor takk til foreldra for godt samarbeid gjennom året!



Kakebaking er gøy!

Tekst	Relasjonskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(5 805 288)	(5 577 000)	(228 288)
Løn og sosiale utgifter	5 570 540	5 408 000	161 540
Driftsutgifter utanom løn	883 928	488 000	225 828
Finansutgifter	288 000	22 000	277 000
Prestmarka barnehage	758 189	322 000	436 190

Sæbø barnehage



Torill Ingebrigtsen
barnehagestyrar

Fakta

Tal tilsette: 20
Tal årsverk: 15
Barnetal: 65-70

Sæbø barnehage har 4 1/4 avdelingar lokalisert til Sæbø og Dale. Tre avdelingar på Sæbø og 1 1/4 avdeling på Dale.

Barnehagen på Sæbø er bygd saman med Sæbø skule, og er ein viktig del av oppvekstmiljøet i Sæbø skulekrins. Barnehagen her har ein 0-3 års avdeling med 9-12 plassar og to 3-6 års avdelingar med 30-36 plassar. Barnehagen er open 5 dagar pr. veke, og dei føresette kan velje mellom to dagar-, tre dagar-, fire dagar- og fem dagars tilbod.

Barnehagen på Dale ligg i kjellaretasjen i Dale grendahus på Lunde, og barnehagen er ein utvida 0-6 års avdeling. Barna i avdelinga på Dale kjem frå Sæbø, Manger, Austebygd. Dersom det er ledige plasser kan barn frå andre kommunar søkje for eit år om gangen. Barnehagen på Dale har hatt ope tre dagar pr. veke vår og haust 2006. Barnehagen starta med ei avdeling i august 2006 og vart utvida med 1/4 avdeling i september 2006.

Måloppnåing 2006

Alt arbeid i barnehagen er regulert av «Lov om barnehagar». I tillegg til barnehagelova har me «Rammeplanen for barnehagar», og for barnehagane i Radøy har me ei «Lokal rammeplan for barnehagane i Radøy kommune». Barnehagane fekk ny Rammeplan våren 2006. Den lokale rammeplanen for Radøy kommune og Årsplan i barnehagane skal endrast i høve til ny rammeplan og personalet har i 2006 sett i gong arbeid med å få dette på plass. Mål er at alt skal vera klart hausten 2007. Personalet får kurs i den nye Rammeplanen på t.d planleggingsdagene.

Barnehagen har arbeidd med ulike tema gjennom året. Tema har variert frå avdeling til avdeling i barnehagen. Me har til dømes arbeidd med dei ulike årstidene, høgtidene, norske folkeeventyr, meg sjølv og familien min, frø og planting, og fargar, vatn m.m. Ulike uttryksformar og teknikklære har vore sentralt i høve til utforsking, lek og læring. Alle avdelingane har variert mellom tilrettelagde og frie aktivitetar i høve til tema. Arbeid med sosial kompetanse, venskap og omsorg har vore og er sentrale tema gjennom heile året. Hausten 2006 starta vi med tema «vatn» og dette skal me arbeida med heile barnehageåret 2006/2007.

Alle avdelingane har nytta gymsalen på skulen til fysisk aktivitet og lek. Andre sentrale aktivitetar har vore uteliv med tur i skog, mark, fjell og sjø. På turane våre har vi vektlagt å bruke naturen i nærmiljøet vårt. Vi har nytta det naturen har å by på i høve til lek og andre «her og no» opplevingar, og lagt stor vekt på at barna skal ta vare på og glede seg over opplevingar dei får i naturen. Frisk luft, ut i alt

slags vær, bevegelse og trening er viktige komponentar for å halde seg frisk.

Alle dei små i barnehagen tek del i uteaktivitetar og søv formiddagsluren ute i vogn.

Me har starta eit samarbeid med musikkskulen i Radøy kommune dette barnehageåret, og me gjer tilbod til dei som ynskjer det: musikkbarnehage i barnehagen. Dette er eit tilbod ein må melda seg på gjennom musikkskulen.

Hausten 2006 var det mange barn som begynte på skulen, og det var difor mange barn som slutta i barnehagen. Det var lite søkjarar over tre år som søkte plass i barnehagen og mange småborn under tre år som ville ha plass. Me var ikkje nøgd med organiseringa av barnehagen, og vi omorganiserte difor med ei utvida småbarnsavdeling og ei stor tre til seksårs avdeling. Dette er personalet svært nøgd med så langt. Tilbakemelding frå dei føresette tyder og på at dette er ein betre løysing for barn og føresette enn det me hadde før. Med denne type organisering kan me med enkle grep justera oss etter dei behov søkjarane har.

I 2006 har me sett at dei fleste søker heil plass i barnehagen, og desse har fått plass i barnehagen inne på Sæbø. Dei fleste som går to og tre dagar har plass i barnehagen på Dale. Det var ikkje grunnlag for å ha ope fem dagar pr. veke på Dale barnehageåret 06/07.

Mål 2007

Barnehagen vil arbeide vidare med dei måla som er sett for 2006. Me vil bruke mykje tid på å arbeide med den nye rammeplanen og den nye barnehagelova. Dette krev ein god del opplæring. Me vil arbeide med ny årsplan og nye emneplanar i barnehagen spesielt, og i kommunen generelt. Barnehagen vil arbeide med å synleggjere overfor barn og føresette kor viktig det er å arbeide med språkutvikling i høve til små barn. Me brukar TRAS i høve til kartlegging dersom me trur at enkeltbarn har språkproblem.



Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	-4514214	-4238000	(275 214)
Løn og sosiale utgifter	4848023	4708000	137 023
Driftsutgifter utanom løn	513348	307000	208 348
Finansutgifter	8188	7000	1 188
Sæbø barnehage	853351	784000	69 351

Bø barnehage



Tony Vetås
barnehagestyrar

Fakta:

Tal tilsette:	14
Tal årsverk:	10,85
Tal avdelingar:	3
Tal born:	59

2006 har vore eit bra år for born og vaksne i Bø barnehage.

Heimane gjev uttrykk for at dei er nøgd med stoda slik den har vore dette året og borna verkar å trivast godt.

Måloppnåing

Barnehagen sin overordna målsetnad lyder:

«Vi ynskjer å skape eit miljø som gjev ein trygg ramme kring bornas kvardag, der omsorg og pedagogisk verksemd går hand i hand og der det eine er ein føresetnad for det andre. Vi skal leggja til rette for at borna skal få utfalda og utvikla seg på deira eigne premisser.

Borna skal læra å ta omsyn til andre og utvikla omsorg for sine medmenneske.»

Som barnehage må vi heile tida tilpasse drifta og delmål etter rammene vi til ei kvar tid vert gjevne. Dette gjeld så vel born og bornegruppa sin samansetnad, som dei økonomiske rammene vi til ei kvar tid disponerer.

Det overordna målet er noko vi ser som ei rettesnor i arbeidet i barnehagen og i samspelet med born og vaksne. Vi har valt å samanlikna graden av måloppnåing med bornas trivsel og kor nøgd foreldra er med barnehagetilbodet. Personalet sin trivsel og engasjement er og ei indikator på korleis stoda er i barnehagen og vert sjølvstøtt og teke omsyn til i arbeidet med å koma i mål.

Dette er ein dynamisk prosess som vil endra seg etterkvart og det fins derfor inga oppskrift på korleis vi kan nå måla. Vi vil aldri verta 100% nøgd, men skal heile tida vera på veg.

Likevel kan vi også i år seia oss godt nøgde med både arbeid og trivsel. Vi har fått mykje godt ut av 2006 også.

I 2006 har vi jobba godt og variert i Bø barnehage. Som vanleg har vi vore mykje ute i den vakre naturen vår,



Uteliv i Bø barnehage

og sett at kvar årstid har sin sjarm anten ein vel skogen eller sjøen som mål for utflukta.

Vi samarbeidar godt med:

- Hordabø skule der vi mellom anna har avtale om bruk av gymsalen, besøk i 1. klasse o.l. Hordabøheimen som vi besøkjer og syng for i høve Lucia.
- Biblioteket som har hatt eventyrstundar for oss i vår.
- Radøyhallen der 6-åringane våre får reisa i bassenget.
- Kyrkja som vi besøkjer til jul og som vi inviterer til oss i høve påskehøgtiden.
- Og ikkje minst foreldre og besteforeldre som hjelper oss med til dømes gardsbesøk.

Økonomisk har 2006, som for dei fleste kommunale tenesteytande einingar, vore tøft her i barnehagen.

Mange uløyste vedlikehaldsoppgåver, «spinking» og sparing på forbruksmateriell og leikemateriell, vurdering av vikarbruk med medfølgjande «på grensa» bemanning er berre nokre av konsekvensane av dette.

Heldigvis har vi kreative og dyktige medarbeidarar som prøver å gjera det beste ut av den vanskelige økonomiske situasjonen.

Takka vera investeringsmidlar har barnehagen likevel fått byrja på oppgradering av uteområdet. Vi har fått på plass den flotte sjørøverskuta vår, noko som er svært populært. Vi vonar at vi kan fortsetta arbeidet med oppdatering av uteområdet i 2007.

Barnehagen har i 2006 hatt lite ledig kapasitet. Dette med unatak av onsdagane, som har vore populære dagar å gje borna fri på.



Uteliv i Bø barnehage

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(3 780 738)	(3 588 000)	(172 738)
Løn og sosiale utgifter	4 228 254	4 128 000	97 254
Driftsutgifter utanom løn	512 350	336 000	176 350
Finansutgifter	28 082	22 000	6 082
Bø barnehage	1 005 960	899 000	106 960

Austebygd skule og barnehage



Torunn T. Hovden
rektor

FAKTA Skulen

Tilsette: 8
Tal årsverk: 7,1
Elevtal: 53
Brukarar SFO: 10

Måloppnåing 2006

Skulen sine satsingsområde:

Tilpassa opplæring i aldersblanda basisgrupper

Dei yngste elevane på skulen er delte i to basisgrupper, med elevar frå 1.- 4. årstrinn i begge gruppene. Elevane på 5.-7. årstrinn går også i to aldersblanda grupper. Ein viktig reiskap i det daglege undervisningsarbeidet, er elevane sine arbeidsplanar. I samband med at ny plan vert utlevert, har kontaktlærarane ein individuell samtale med kvar elev på si basisgruppe. Lærar og elev vurderer ilag både om eleven sine faglege og sosiale mål for den siste fjortendagarsperioden er nådd, og dei ser på den nye planen ilag. Lærarane opplever den aldersblanda organseringa som positiv, men samtidig krevjande.

Zero og målark; arbeid med sosial kompetanse

Haldningsskapande arbeid- med utgangspunkt i Zero og Målark for sosialt samspel – har vore eit viktig felt også i 2006. Kontaktlærarane har gått på kursrekkeja «Læraren som leiar», og det har hjelpt oss til å setja eit ekstra fokus på tydeleg klasseleing, og vektleggja betydningen av klare forutsigbare rammer m/konsekvensar. Eit viktig mål er å få elevane til å ta ansvar og verta endå meir «sjølvgåande» i læringsarbeidet sitt - både på skulen og heime.

«Kunnskapsløftet» - få god kjennskap til den nye læreplanen.

Lærarane har dette året brukt mykje tid til å gjera seg kjent med den nye læreplanen, og i hausthalvåret har arbeidet med å laga årsplanar i dei enkelte faga vore sentralt. Me har også delteke i ein del etterutdanningskurs gjennom Nordhordland Kursregion.

Satsingsområde i 2007:

- Fortsatt fokus på tilpassa opplæring i aldersblanda basisgrupper – og på sosialt samspel.
- Vidare satsing på uteskule – med integrering av fag/tema i «Kunnskapsløftet»
- Vurdera – og kjøpa inn nye lærebøker etter KL06
- Utvikla arbeidet med vurdering/evaluering (Skulering i mappe-vurdering m.m.)
- IKT – vidareutvikla elevane og lærarane sin kompetanse på dette feltet

FAKTA Barnehagen

Tilsette: 5
Tal årsverk: 2,67
Barnetal: 22

Frå 1.august 2006 tok forskrifta «Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver» til å gjelda. Med denne planen vert det presisert at opplæringa startar i barnehagen og vert vidareført i skulen.

Måloppnåing 2006

Sosial kompetanse

Sosial kompetanse er eit tema som går gjennom heile året og som er eit av satsingsområda våre. Kwart barn skal stå i fokus og dei vaksne i barnehagen er primærkontakt for ei gruppe på 6 barn. På denne måten sikrar me at kvart barn får dagleg merksemd frå ein vaksen. Foreldra veit kven som er primærkontakten til sitt barn, men me har ikkje sagt direkte til barna kven det er.

Samarbeid melleom barnehagen og skulen

Samarbeid barnehagen/skulen er ein naturleg del av kvardagen vår og ein viktig del når det gjeld utviklinga av sosial kompetanse. Ein time for veka har ei gruppe barnehagebarn vore med i leiketimen på småskuletrinnet. Elevane på 5. og 6. årstrinn har kome på besøk annakvar fredag for å lesa bøker til barnehageborna..

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(1 028 334)	(1 002 000)	(26 334)
Løn og sosiale utgifter	1 133 194	1 158 000	(25 806)
Driftsutgifter utanom løn	114 381	100 000	14 381
Finansutgifter	5 010	5 000	10
Austebygd barnehage	224 232	262 000	(37 769)

Elevane på 6. årstrinn har vore fadrar for 5-åringane (komande elevar på 1. årstrinn). Målet er å skapa tryggleik og positive forventningar hjå dei komande elevane i god tid før skulestart.

«Sukkerfri» barnehage

Hausten 2006 bestemte me oss for å feira fødselsdagar på ein sunnare måte. Me lagar ikkje kaker eller andre søte ting. Barna får no velja mellom tre menykort: fruktalat, kjeks og ost eller ein enkel varmmrett. Undersøkingar viser at born i Norge får i seg for mykje sukker. Denne kunnskapen, samt at me har eit satsingsområde som heiter «Bruk av nærområdet/ ut på tur», var avgjerande for valet vårt.

Brukarundersøking

Våren 06 var det ei brukarundersøking blant foreldra. Dei 4 første spørsmåla var felles for alle barnehagane i kommunen, dei andre var laga til vår barnehage. Jamt over var foreldra nøgde med barnehagetilbodet.

Satsingsområde 2007:

Vidare arbeid med rammeplanen
Utvikla uteplassen vår
Sosialt samspel – målarka
Vidareføra samarbeidet med skulen

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(231 378)	(236 000)	4 624
Løn og sosiale utgifter	3 514 388	3 556 000	(41 612)
Driftsutgifter utanom løn	718 810	656 000	62 810
Finansutgifter	258 285	240 000	18 285
Austebygd skule/SFO	4 260 065	4 216 600	43 465

Hordabø skule



Inger Morken Ellingsen
rektor

Fakta

Tal tilsette:	20
Tal årsverk:	14,6
Elevtal:	96
Brukarar SFO:	23

Måloppnåing

Skulen sine satsingsområde:

Innføring av ny læreplan – Kunnskapsløftet

Ved skulestart 06/07 vart den nye læreplanen teken i bruk i alle fag. Personalet hadde då brukt våren til å førebu seg gjennom deltaking i ulike kurs, særleg via Nordhordland Kursregion, og gjennom utarbeiding av kommunale læreplanar i dei einskilde fag. Hordabø skule hadde ansvaret for utarbeiding av fagplan i matematikk og Kunst og Handverk, eit arbeid som var svært tidkrevjande. Som følge av ny læreplan vart det kjøpt inn nye lærebøker i dei aller fleste fag til dei minste elevane, og i ein del utvalde fag for dei største. Også i haust har personalet gått på kurs i samband med den nye planen. Rektor har vore på studietur til Danmark – fokus på tilpassa opplæring.

Uteområdet

Etter fleire år med mange «skjær i sjøen» er no endeleg uteområdet så godt som ferdig. Me har fått eit flott, allsidig uteområde med rom for mange aktivitetar samstundes. Det gjenstår litt på eine delen av Tarzanjunglen, men dette arbeidet må venta til me har fått bygd lager. Sjølv om det er løyvd pengar på budsjettet, har det i 2006 ikkje late seg gjera å få nokon til å utføra arbeidet.

IKT

Skulen fekk på slutten av 2005 tildelt ein del midlar frå investeringsbudsjettet. Me fekk også ei tilleggstilddeling i løpet av 2006. For desse midlane har me fått oppgradert og fornya mesteparten av datautstyret vår. Kvar lærar har fått eiga datamaskin, og me har kjøpt inn både stasjonære og bærbara maskiner til elevane. Dette har ført til mykje større bruk av data i undervisninga, i tråd med ny læreplan der IKT skal inn i alle fag - trass i ustabile nettverktilhøve.

Tilpassa opplæring

Skuleåret 05/06 innførte me bruk av basisgrupper eller aldersblanda grupper. Me opplevde stort sett den nye organiseringa som positiv, men svært arbeids- og ressurskrevjande. Etter evaluering av ordninga våren 2006, gjekk me bort igjen frå basisgrupper, men valde å halda fram med individuelle samtalar for kvar einskild elev. Elevane arbeider etter individuelt tilpassa arbeidsplanar, og kvar elev har hyppige samtalar med kontaktlæraren sin. Då vert måla vurderte, og nye mål og arbeidsoppgåver vert samtala om. Under samtalen får ein også høve til å ta opp evt problem kring eleven, og kan såleis nytta samtalen både til problemløysing og førebygging av mobbing. Gjennom heile våren samarbeidde me med ein mentor frå Norsk lærarakademi - med tilpassa opplæring som tema.

Andre viktige hendingar

- Mobbeundersøking i samband med «Zero»-prosjektet vårt – positivt resultat.
- Matematikkverkstad og matematikkdagar.
- Skulefrukost og karneval.
- Elevbedrifter i 7. kl.
- Oslotur for 7. kl i mai.
- Haustdag med sal av elevprodukt/kafe til inntekt for born i Nepal.

Mål 2007

- Den nye læreplanen: Halda fram med kompetanseuke og innføring av denne
- Tilpassa opplæring og vurdering: vidare satsing.
- IKT: vidare satsing med kompetanseuke og opplæring for personale og elevar



Hauستur i skogen

Telest	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(605 033)	(582 000)	(13 033)
Løn og sosiale utgifter	6 307 021	6 338 000	(31 979)
Driftsutgifter utanom løn	1 118 178	1 043 000	75 178
Finansutgifter	813 488	722 000	91 488
Hordabø skule/SFO	7 633 652	7 512 000	121 652

Manger skule



Hanna Sundal
rektor

Fakta

Tal tilsette:	26
Tal årsverk:	21
Tal elevar:	167
Brukarar SFO:	49

Måloppnåing/satsingsområde:

Innføring av Kunnskapsløftet: Arbeid med kompetansemåla i alle fag.

- Arbeidsplanar/vekeplanar/elevvurdering.
- Fortsetja Zero-arbeidet mot mobbing/opplegg for sosial kompetanse.
- Tilpassa opplæring/elevsamtalar/eigenvurdering.
- Sterk satsing på IKT- utstyr og opplæring i personalet og i høve elevane.
- Prosjektarbeid på tvers av klassetrinna m/presentasjonskveldar.

Dei fleste måla må arbeidast med over fleire år. M.a. arbeidet mot mobbing som ein må ha fokus på heile tida - år etter år.

Økonomiske mål

Ut frå tildelt budsjett å utnyttja ressursane på beste måte. Sterk styring av forbruk ut frå det ein har til rådvelde.

Høge vikarutgifter har prega dette året òg, noko vi ikkje kan styra. Skulen er ein arbeidsplass der fråvære må ha vikar. Ein del langtidssjukemeldingar er det vanskeleg å skaffa stabile vikarar til over tid.

Dette året har SFO det høgaste barnetalet nokon gong. Fleire born har styrka personalressurs.


Særlege hendingar

- Rehabilitering av skulekjøkkenet med nytt inventar.
- Installasjon av trådløst nettverk i heile hovudbygningen (ikkje gamleskulen).
- Innkjøp av nytt datautstyr
 - 3 faste + 15 bærbara maskiner.
 - 2 store skrivarar
 - 2 videokanoner (1 fastmontert i gym.salen)
- Fokus på nynorsk og lesing.
- Prosjekt i storskulen m/kveldsarrangement.
- «Leselyst og Lesekompis» - eit opplegg for mengdelesing for alle elevane.
- Fellesprosjekt i småskulen m/utekveld – presentasjon av arbeid og dans.
- Den tradisjonelle avslutningskvelden ute for heile skulen samla mykje folk – foreldre besteforeldre sluttar sterkt opp om arrangementet. Vi har eit flott uteområde m/amfi til slike tilstellingar. Innearrangement hjå oss har blitt ei stor utfordring då gym.salen er blitt altfor liten til fellesarrangement.
- Seniordagen som 6. trinnet arrangerer kvart år i oktober har etterkvart blitt ein svært populær møteplass for eldre. Dette året kom 60 personar på tilstellinga vår.

- Flott solidaritetsaksjon på FN-dagen der vi fekk inn 18.000,- kr. til «Hei verden»-aksjonen.
- Juleavslutningane er ein flott tradisjon på skulen vår, med framsyning, mat og juletrengonge. Gudstenestene som avslutning før jul og påske samlar stappfull kyrkje med born, familie og bygdefolk elles.

Ting me elles er opptekne av

Alle trinna på skulen vår tel over 20 elevar. For dei største gruppene 28/29 elevar blir det trangt i romma. Mange born med særlege behov/spesialundervisning treng opplegg utanfor klassen / grupperom. Skulen vår er bygd utan grupperom (1962), men tidlegare kontor og lagerrom er nytta som grupperom. Men desse stettar ikkje trongen for rom. Arbeidsplassar til lærarane er òg eit særleg område der noko må gjerast. Dette har vore nemnt i fleire år. Møterom er òg eit sakt. Lagerplass manglar vi heilt etter at ventilasjonsanlegget tok heile loftet.



Telst	Relasjonskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(814 737)	(881 000)	(133 737)
Løn og sosiale utgifter	9 242 311	9 379 000	(136 689)
Driftsutgifter utanom løn	1 347 180	1 318 400	28 780
Finansutgifter	388 983	181 000	207 983
Manger skule/SFO	10 173 737	10 207 400	(33 663)

Sæbø skule



Fakta:

Tal tilsette:	25 inkl. lærling
Tal årsverk:	18,9
Tal elevar :	149
Brukarar SFO:	45

Rolf Sandstad
rektor

Måloppnåing og prioriteringar

Overordna mål i verksemdplanen:

- Gje elevane haldningar som gjer dei i stand til å ta ansvar for seg sjølv og andre i kvardagen.
- Vidareutvikla samarbeidet mellom heim og skule.
- Utnytta nærmiljøet i undervisninga og styrkja skulen si stilling som i nærmiljøet
- Undervisninga skal vera tilpassa den einskilde elev sine føresetnader og behov.

Våre satsingsområde dette året:

- Betre tilpassa opplæring. Innføring av ny læreplan.
- Elevmedverknad.

Har vi nådd desse måla?

Einskildeleven sine føresetnader må stå i fokus, samtidig som samhandling, og sosialt samspel har høg prioritet.

Vi ønskjer å få til ein stillare skule. Her har vi fått gode idear gjennom studietur til Apeltun skule, og frå Lise Barsøe som hadde kurs med heile personalet ved skulestart.

Skuledagen startar no med at lærarane går til sine klasserom 07:50. Dette gir ein roleg start på dagen fram til første time kl.08:05. Elevane kan i denne tida vera inne med roleg aktivitet.

Vi er fleire tilsette dette skuleåret, slik at vi sist haust kunne auka tilsynet ute. Sosialt opplever vi at elevane er flinke til ta seg av kvarandre. Vi har hatt få og relativt små elevkonfliktar. Større tal tilsette har og gitt oss høve til å ha færre barn pr kontaktlærarar. Dette gir tid til betre oppfølging av den einskilde.



Sander, Andreas og Jonatan har funne utkiksposten sin.

Den beste og mest effektive tilpassinga til den einskilde skjer i den daglege kontakten mellom eleven og læraren. Alle barn skal bli sett kvar dag! Skulen har godt samarbeid med eit aktivt FAU

SFO har denne hausten hatt 45 brukarar. Foreldra gir gode tilbakemeldingar på SFO-tilbodet, men fleire ønskjer tilbod dei periodane skulen har stengt, utan at vi har funne løysing på det så langt.

Økonomiske mål

Både skule og SFO kjem ut med eit mindre overskot.

Med eit stramt budsjett som utgangspunkt, vart det brukt minimalt i første halvår.

På slutten av året har vi gjort ein del innkjøp av læremiddel og inventar i samband med innføring av Kunnskapsløftet. Vi har og investert i bærbare PC-ar som arbeidsreiskap til lærarane. Lærebøker til ny læreplan er i liten grad fornya. Her satsar vi på eit løft 2007.

I SFO er det og gjort innkjøp av nye leikar både til bruk inne og ute, utstyr til gymsalen i samarbeid med skulen og litt nytt inventar.

Anna me er opptekne av

Det fysiske læringsmiljøet ved skulen er ikkje godt nok, men både dei tilsette, elevane og heimane gjer det beste ut av situasjonen mens vi ventar på noko betre. Vi håpar spaden vert sett i jorda for nyskulen i løpet av 2007.

Utan gymsal, skulekjøken og rom 8 (SFO), og med storparten av uteområdet som avstengt anleggsområde, må vi nok bli enda flinkare til å nytta det fine nærområdet vårt, i alle fag, og på alle steg. Det vert både spennande og utfordrande.

Målsetjingar og endringssignal for inneverande/komande år

- Planar for ny skule i samsvar med politiske vedtak.
- Halda fram med dei tema som står på planen i 2006. Tilpassa opplæring handlar om å sjå den einskilde. Greier vi det er mykje oppnådd.
- Vidare arbeid med innføring av Kunnskapsløftet. Fokus på vurdering/rettleiing



Tjueseks flotte seksåringar ved skulestart august 2006

Telst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(908 819)	(871 000)	(37 819)
Løn og sosiale utgifter	7 002 945	7 425 000	(422 055)
Driftsutgifter utanom løn	1 517 089	1 332 400	184 689
Finansutgifter	257 885	220 000	37 885
Sæbø skule/SFO	7 869 099	8 106 400	(237 300)

Radøy ungdomsskule



Torleiv Frotjold
rektor

Fakta

Tal tilsette:	35
Tal årsverk:	27,9
Elevtal:	200

Visjonen vår er: «**Radøy ungdomsskule skal vere ein musisk veg til danning og kunnskap**». Visjonen er ei rettesnor for arbeidet vårt slik at vi, saman med elevane, kan nå måla i Kunnskapsløftet (KL).

Innføring av KL

Etterutdanning: 13 lærarar på etterutdanning - kursrekkejer i matematikk, natur og miljø, tysk og heimkunnskap. Sensorkurs eksamen: 7 lærarar. Bibliotekkurs: 1 lærar. Rådgjevarkurs: 1 lærar. Kurs for assistentar: 4 personar. Dei kursdagane som gjekk utanom planleggingsdagar utløyste vikarbruk. Vi har utvikla lokale læreplanar for fag med læringsmål for 8. og 9. stega. KL har læringsmål for 10.steget.

Tilpassa læring for alle

Dette prøver vi no ut ved å gi dei nye klassane nye identitetar (i staden for 8a,8b,8c): «Kunst og formgjeving», «Idrett og friluftsliv» og «Teknologi og miljø». Elevane har sjølve valt kva klasse dei vil gå i. Ein dag i veka har desse klassane 3 timar samanhengjande til å dyrke sine identitetsfag. Vi styrker opplegget med ca. 0,4 årsverk. Slik søker vi å tilfredsstille KL si vektlegging av design, realfag, fysisk aktivitet og tilpassa læring. Ideane til dette fekk vi gjennom det 3-årige samarbeidet i «Lærande nettverk» (LN), som vart avslutta i juni 2006. Til spesialundervisning brukte vi ved utgangen av 2006 ca. 6,4 årsverk (lærar/assistent) fordelt på alle tre stega. I tillegg gjekk det med ca. 1,5 årsverk (lærar) til andre styrkingstiltak i klassane – hovudsakleg på 9.steget.

Programfag til val skal gje elevane høve til å verte meir kjent med tilboda i vidaregåande skular (v.g.s.) og med næringslivet i regionen. Våren 2006 hadde vi 20 9.klassingar på Austrheim v.g.s. i ei veke. F.o.m. hausten 06 er «programfag til val» ein del av identitetsfaga.

IKT

Hausten 2006 innførte vi læringsplattforma It's learning. Den er no teke i bruk som intranett i leiing/adm, og den er gradvis teke i bruk for elevar. Skal ein kunne nytte det fullt ut, må elevane ha breiband heime. Alle har ikkje det pr. i dag. Denne læringsplattforma er i obligatorisk bruk i dei fleste v.g.s. i Hordaland. Vi vart kjent med plattforma i LN. Lisenskostnader: kr. 6.000 pr. år. I tillegg må vi ha ein «superbrukar»

for kvart årssteg. Det er lærarar med ansvar for opplæring og problemløysing. Det går med ca. 0,14 årsverk til dette. Inkludert datamaskiner som elevar har fått via Hjelpemiddel-sentralen, har vi no totalt ca 100 maskiner i dagleg drift for ca 240 brukarar. Vi har satsa på driftssikker teknologi, men likevel ser vi at dette svære nettverket krev kvalifisert dagleg pass og oppfølging. Særleg på brukarsida. Vi har sett av 0,4 årsverk totalt til dette.

Vi starta fornyinga av lærebøker i tråd med KL, og brukte ca. kr. 265.000 til dette.

Lufteanlegg og vedlikehald: Arbeidet med dette vart starta sommaren 2006, og er ikkje ferdig. Kostnadsramme ca. 5 mill. kr. Heimesida er vi ikkje ferdig med. Føresetnadene for denne endra seg då vi tok i bruk It's learning.

Satsingsområde for 2007

Lage utviklingsplan 2007 - 2010 for Radøy ungdomsskule. Vidareføre etterutdanninga. Vidareføre ordninga med identitetsfag, og utvikle årsopplegg for desse. Få på beina ei ordning for Programfag. Skifte ut gammalt datautstyr for tilsette (noverande alder på utstyret er 7år og 8 år for servar). Utvikle ei forsvarleg skulebibliotekordning. Sikre ettersyn og drift av datasystemet vårt v.h.a. ei fast finansiering. Utvikle ordninga for støtte-/spesialundervisning. Avslutte dei store vedlikehaldsoppgåvene på bygningen. Starte utskifting av nedslite inventar. Lage planar for bruk av nytt innadørs areal på ca 600 m². Ta i bruk Olweus sitt nye kvalitetssikringsprogram for arbeidet mot mobbing. Få orden på rolledelinga mellom heimesida og læringsplattforma It's learning.



Kunst & formgjevingsklassen dekorerer klasserom - her viser Benedicte frå skisse til ferdig vegg

Tekst	Relasjonskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(585 542)	(344 000)	(241 542)
Løn og sosiale utgifter	13 184 790	13 256 000	(71 210)
Driftsutgifter utanom løn	3 205 290	3 159 000	46 290
Finansutgifter	505 232	440 000	65 232
Radøy ungdomsskule	16 309 769	16 511 000	(201 230)

PL Arbeid og opplæring



Kari Smith
dagleg leiar

Fakta

Tal til sette:	5
Tal årsverk:	3,9
Tal faste arbeidstakarar:	12

Måloppnåing 2006

2006 var på mange måtar eit spesielt år for P.L.Arbeid og opplæring. Frå 01.01.06. gjekk vaskeridelen over til Aufera AS, og med den to-tre av

arbeidstakarane og ein arbeidsleiar. Aufera AS er eit aksjeselskap eigd av Austrheim, Fedje og Radøy kommune. Selskapet har 10 VTA-plassar (Varig Tilrettelagt Arbeid), der Radøy har 5 av desse.

Overgangen frå kommunal til VTA gjekk smidig og greitt. I prinsippet går ein om einannan i det daglege, og samarbeider svært godt. P.L.Arbeid og opplæring skal gje tilrettelagt arbeid til personar som av ulik årsak treng eit slikt tilbod for kortare eller lengre tid. For å verta godkjend i VTA-systemet (Aufera), stiller NAV ein del krav. Svært mange som treng eit tilrettelagt arbeid fyller ikkje desse krava, og treng noko anna. Siste år har vist at trongen for den type arbeidsplassar som P.L.Arbeid og opplæring kan gje, ikkje har minka. Pågangen frå folk som ynskjer eit tilbod hjå oss, har vore større enn tidlegare. Det har vore elevar frå begge dei vidaregåande skulane i regionen, det har vore yngre elevar, det har vore folk frå AMB (arbeid med bistand) og det har vore folk som treng praksisplass etter t.d. «Back to business».

Mange svært gode tilbakemeldingar frå enkeltpersonar, frå offentleg kontor, frå familie og vener til som har hatt eller har eit tilbod hjå oss, gjer at me er sikker på at målet for 2006 er nådd. Ein trivleg arbeidsplass der folk kan byggja seg opp for å gå vidare til andre arbeidsplassar, eller for å vera her vidare. Trass dei nedskjeringane som har vore på m.a. årsverk, har ein funne løysingar som tilsynelatande har vore problemfritt. Likevel har nedskjeringane gjort oss usikker og prega oss i arbeidet.

Mål for 2007

P.L.Arbeid og opplæring meiner sjølv, og høyrer ofte andre sei det, å vera ein trygg og trivleg arbeidsplass. Likevel er det klart at nokre av arbeidstakarane på P.L.Arbeid og opplæring treng eit anna og betre eigna tilbod. Det er eit mål for 2007 at ein får til eit slikt tilbod.

Vidare er målet for 2007 å skaffa fleire lønsamme arbeidsoppdrag slik at me kan gje betre arbeidstilbod til dei som er knytt til oss i dag, og til andre som treng eit tilrettelagt arbeidstilbod.

Telest	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(850 451)	(853 000)	(200 451)
Løn og sosiale utgifter	1 719 928	1 885 000	54 828
Driftsutgifter utanom løn	1 012 810	787 200	225 610
Finansutgifter	91 325	82 000	29 325
PL Arbeid og opplæring	1 964 609	1 861 200	103 410

Radøy kommunale kjøkken



Solfrid Mangerøy
dagleg leiar

Fakta

Tal tilsette:	10
Tal årsverk :	4,8
Produksjon	
Fullpensjon	17 297 stk.
Middagar	20 257 stk.

Måloppnåing 2006

For første gong skulle kjøkkenet på Velferdssenteret ha fagprøve. Etter 2 år i lære ved kjøkkenet var Renathe Nordanger i ilden. Ho besto med

glans, og det var mykje positiv tilbakemelding både til lærling, og til dei som har stått for opplæringa.

Vår nye lærling, Camilla Blekenberg Herland, var med og fekk sjå korleis det foregikk og er førebudd på prøveopplegget til ho skal ta fagprøve. Camilla byrja læretida si 1. juli og skal vera lærling i 2 år.



Renathe Nordanger og
Camilla Blekenberg Herland

Institusjonane fekk ein reduksjon i talet på bebuarar i 2006. I gjennomsnitt har det vore 47 bebuarar fordelt på Hordabøheimen og Velferdssenteret. Det er ein reduksjon frå 2005 med 4 personar. Institusjonane har 4 måltid kvar dag, som vert levert frå kjøkkenet.

Telest	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(4 244 378)	(3 815 000)	(329 378)
Løn og sosiale utgifter	2 008 858	2 368 000	(359 142)
Driftsutgifter utanom løn	1 884 181	1 738 000	128 181
Finansutgifter	41 530	-	41 530
Kommunal kjøkkendrift	(329 828)	191 000	(520 827)

Begge institusjonane har kjøkken, og det vert produsert mat kvar dag på begge to.

Talet på middagar levert til heimebuande auka i 2006 med 2954 stk, dvs om lag 17 %. Dette er eit tilbod til heimebuande, som av ulik årsak treng middag levert heim til seg. Middagen vert produsert og levert same dag. Leveringa er det Frivilligsentralen som står for.

I tillegg til å servera institusjonane og heimebuande, tilbyr kjøkkenet catering. Cateringdelen for 2006 var om lag den same som i 2005.

Helsetenester



Ola Jøsendal
kommunelege 1

Lege

Radøy kommune har stabil legeteneste, og nye impulsar gjennom ny turnuslege kvart år. Radøy legesenter har høg standard på det diagnostiske utstyret, og driv avansert medisinsk behandling. Radøy tek del i det interkommunale legevakt-samarbeidet, som er ei teneste med god kvalitet. Andre offentlege legetenester som tilsynslege, helsestasjonslege osv. er dekkja, men trongen er aukande. I løpet av dei komande åra bør dette aukast opp med om lag 25% stilling.

Med fem legar i aktivitet og berre fire kontor, er det trong for ytterlegare kontorplass. Det ligg føre planar for eit slikt kontor, men så langt er det ikkje funne rom for finansiering.

Dei kommunale utgiftene med drift av Radøy legesenter (privat avtale) er på eit akseptabelt nivå, i alle høve samanlikna med andre delar av regionen. Tenestene er på det nivået som politisk leiing ønskjer. Driftsnivået synest ikkje å vera høgare enn at befolkninga forventar noko større kapasitet. Mogeleg auke av kapasiteten må kome som eit resultat av politiske vedtak.

Telst	Relasjop	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(2 981 448)	(2 500 000)	(481 448)
Løn og sosiale utgifter	3 053 410	3 051 000	2 410
Driftsutgifter utanom løn	4 427 534	3 543 000	884 534
Finansutgifter	9 555	7 000	2 555
Legeteneste	4 529 050	4 101 000	428 050



Else Marie Dale
jordmor

Jordmor

Jordmor har 50% stilling i Radøy kommune. Av desse har ho 9 timar og 20 min kvar veke til dagteneste, resten blir brukt til interkommunalt vaktamarbeid.

Dagtenesta vert i hovudsak nytta til svangerskapsomsorg. Basisprogrammet for tal svangerskapskontrollar er redusert etter dei nye retnings-

linjene. For dei som av ulike årsaker har trong for fleire kontrollar, er det rom for det.

Vaktamarbeidet som jordmødrene i Nordhordland har fungerer veldig godt. Me får mange positive tilbakemeldingar på det både frå dei fødande og frå personalet på Kvinneklinikken. Dei gravide opplever ein auka grad av tryggleik ved at dei kan ta kontakt med jordmor i distriktet når dei har behov for det, og kjensla av tryggleik er viktig for heile fødselprosessen.

I 2006 var det 47 nyinnskrevne gravide hjå jordmor, og det blei fødd 42 barn i kommunen.

Telst	Relasjop	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(532 483)	(308 000)	(224 483)
Løn og sosiale utgifter	1 321 075	1 252 000	69 075
Driftsutgifter utanom løn	300 678	118 000	182 678
Helsestasjon/jordmor	1 089 260	1 062 000	27 260



Bente Gunn Håtuft
leiande helsesøster

Helsesøster

I 2006 har vi hatt full bemanning, og har kome åjour med både 4 årskontrollar og førskulekontrollar. Helsesøstrene har vore tilbake på barneskulane og ungdomsskulen med faste kontordagar som før vakansen i 2005.

I 2006 har vi hatt to arbeidstakarar frå NAV, sjukepleiar og kontormedarbeidar som har vore til stor hjelp på helsestasjonen og som skaper eit triveleg arbeidsmiljø for brukarane våre og oss andre.

Frå hausten 2006 har vi vore med i vaktordning på Ungdomshelsestasjonen i Knarvik. Tilbodet ser vi er svært populært blant ungdomar frå heile Nordhordland. Som helsesøster ser vi på det som eit viktig tiltak for å betra ungdommen sitt tilgjenge til helsetenester.

I lag med helsestasjonane i Nordhordland har vi fått veiledning frå psykolog frå Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikken i Knarvik. Dette er eit svært godt tilbod sidan vi til tider jobbar med samansette og kompliserte saker rundt barnet og barnet sin familie.

I 2006 har vi hatt auka førespurnad frå brukarar om råd ved endra livssituasjon. Vi saknar eit familievernkontor

utan for lange ventelister i Nordhordland.

Helsestasjonen har koordineringsansvar for born med ynskje og behov for individuell plan der vi fordeler ansvar og ansvarleggjer samarbeidspartnarar rundt barnet og familien.

Vi deltar i 21 ansvarsgrupper rundt barn i førskulealder fram til dei er vaksne eller i eigen bustad. Vi har deltatt i helseteam på Radøy ungdomsskule og helseteam for førskuleborn i lag med pedagogisk-psykologisk teneste, barnevern, rektorar ved barneskulane og styrarane i barnehage og psykiatritenesta.

Måloppnåing 2006

Vi nådde arbeidsmåla vi hadde for 2006. Stabil bemanning, betre å få tak i på telefon og vaktamarbeid med Lindås og Meland på ungdomshelsestasjonen i Knarvik.

Tiltak for 2007

Vellukka etablering av den nye Barne- og familietenesta i lag med psykiatritenesta, jordmor, pedagogisk-psykologisk teneste og barnevern.

Framleis stabil bemanning slik at innbyggjarane i Radøy føler vi er der når dei treng oss.

Psykiatri



Karolina Vakt skjold
dagleg leiar

Fakta:

Tal tilsette: 7
Tal årsverk: 4,8
Brukartal: 40

Vi har våre kontor i den eine austre fløya i Bjørgvin DPS sine lokale.

Opningstider er måndag-fredag 8.00 – 15.30 Telefon 56373099

Fysioterapi



Mona Neteland
Øftshus
kommunefysioterapeut

Fakta:

Tal tilsette: 4
Tal årsverk: 2,9
Brukartal: Varierende

Radøy kommune har, i tillegg til dei kommunalt tilsette, to privatpraktiserande fysioterapeutar. Det er Hans Atle Svenheim på Manger og Øyvind Mellingen i Bøvågen. Svenheim har hatt vikar for seg i 2 år no, medan han

har tatt vidareutdanning i manuell terapi. Han er tilbake frå 1. januar 2007

Fysioterapeutane tek imot pasientar til vurdering, behandling/opptrening, etter henvisning frå lege. Vi har og ansvar for hjelpemiddelformidling og oppfølging. Noko av arbeidet vårt må gjerast ute i skular, barnehager eller heime hjå pasienten når dette er nødvendig. Vi har nært samarbeid med alle etatane i kommunen. Dette er viktig for å hjelpe brukarane våre best mogeleg.

Måloppnåing

Nye tiltak i 2006

- I september vart 8 samlokaliserte husvære ferdigstilt i Idrettsvegen 8. Kwart husvære er på 55 m2 . Alle husværa vart tildelt i 2006. Det er ei fin tomt, sentralt i Manger sentrum, med kort veg til alle servicetilbod. Det er bra!
- Frå september har psykiatritenesta hatt beredskapsvakter etter kontortid, måndag-fredag kl.15.30-23.00. Dei som ynskjer å komma i kontakt med oss, må henvenda seg til Nordhordland legevakt
- Dei tilsette har hatt tilbod om veiledning
- Vi hadde planar om ei brukarundersøking i 2006, men den blir først gjennomført tidleg i 2007. Det er viktig å få tilbakemelding på kva brukarane meiner om tenesene.

Mål 2007

Ivareta og vidarautvikle psykiatritenesta - «vi kan alltid bli betre»

Fokus:

- Styrke brukarmedverknad på systemnivå
- Systematisk tilbakemelding frå brukarane
- Individuell oppfølging
- Auke førbyggjande arbeid for å unngå psykososiale problem for barn og unge
- Auka forståing og openheit om psykiske lidingar
- Trivsel og eit akseptabelt arbeidspress for dei tilsette
- Veiledningstilbod til alle tilsette
- Kompetanseheving for dei tilsette, mellom anna opplæring i Samspillmetoden DIALOG.

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(535 440)	(535 000)	(440)
Løn og sosiale utgifter	1 158 839	1 200 000	(41 361)
Driftsutgifter utanom løn	583 353	355 000	228 353
Fysioterapi	1 206 552	1 020 000	186 552

Tenesta har vore utan turnuskandidat sidan hausten 2005. Dette har ført til streng prioritering, og mange har venta lenge for å koma til behandling. Det er også slik at sjukehusa skriv pasientane tidligare ut no enn før, noko som krev meir tid og ressursar av oss som skal hjelpe til med rehabiliteringa. Med redusert bemanning, har dette til tider vore eit problem. Men frå hausten 2007, er det sett av midlar til å løne ein turnuskandidat att. Denne vil kunne avløyse dei faste fysioterapeutane, og slik vert tenesta meir fleksibel, og pasientane vil truleg få eit betre tilbod.

Ein reknar no med at arbeidet med nye fysioterapilokale i det gamle meieribygget ved Velferdsenteret, vil ta til i løpet av 2007. Når lokala er ferdige, vil dei kommunalt tilsette fysioterapeutane verte samlokaliserte. Vi vil få større og meir tenlege lokale med lukka behandlingsrom og større treningssal.

Når dette står ferdig, har vi nådd eit viktig mål, og vi er då klare for å arbeide vidare med å utvikle tenesta. Dette ser vi fram til.

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(2 951 330)	(2 758 000)	(192 330)
Løn og sosiale utgifter	1 829 457	2 171 000	(341 543)
Driftsutgifter utanom løn	685 743	808 000	78 743
Finansutgifter	47 154	-	47 154
Psykiatri	(388 976)	21 000	(409 976)

Sosialtenesta/barneverntenesta/flyktningar



Øystein Mongstad
sosialleiar

Sosialtenesta/rusomsorg

Tal tilsette: 5
Tal årsverk: 3.75
Brukertal: 196

Barneverntenesta

Tal tilsette: 3
Tal årsverk: 2.4
Brukertal: 79

Flyktningar

Tal tilsette: 2
Tal årsverk: 0.8
Brukertal: 15

Sosialtenesta, barneverntenesta, edrusskapsvern samt tenesta for mottak av flyktningar har sine lokale på sosialkontoret, i Helsehuset på Manger. Samla er det 8 tilsette ved kontoret..

Tenesta for flyktningar:

I løpet av 2006 har Radøy kommune ikkje teke imot nye flyktningar.

Målsetting for 2007

- Å ha fokus på begrepet «hjelp til sjølvhjelp».
- Utarbeide rutinar for forpliktande samarbeid mellom sosialtenesta, trygdekontoret og A-etat. Hospitere hos dei ulike etatane.
- Innarbeide nytt dataprogram for sakshandsamarar i sosialtenesta og barneverntenesta
- Omorganisere barneverntenesta i Radøy og etablere ei samlokalisert teneste med helsestasjon, PPT og psykiatri-tenesta.
- Jobbe med å innføra introduksjonsprogrammet i kommunen.

Målsetjinga for tenestene er

- yte rett hjelp til rett tid.
- førebyggje sosiale vanskar
- gje god og snarleg hjelp til sjølvhjelp
- syte for avlastning i tide
- vera eit aktivt førebyggjande barnevern som er lett tilgjengeleg.
- bidra til ei positiv integrering av flyktningar i lokalsamfunnet

Kommentarar knytt til 2006

Talet på mottakarar av sosialkontoret sine tenester i 2006 syner ein liten nedgang i høve til 2005.

Sosialtenesta

Sosialtenesta i Radøy har, i 2006, ytt tenester til 196 personer. Tenesteytinga har i hovudsak handla om økonomisk hjelp, rådgjeving og rettleiing, samt gi avlastning til familiar og støttekontakt til enkeltpersonar. 134 personar har søkt om økonomisk stønad og 62 personar har hatt hjelp på annan måte, som til dømes støttekontakt, avlastning, omsorgsløn.

Barnevern

Barneverntenesta i Radøy har i 2006 vore i kontakt med 79 barn/unge. 54 barn/unge har hatt tiltak etter lov om barneverntenester i 2006. Av desse barna/unge har 46 hatt hjelpe-tiltak, medan 8 barn/unge har hatt omsorgstiltak.

I Radøy kommune bur det 10 fosterbarn, av desse er 7 plassert frå andre kommunar.

Dei ulike tenestene er no inne i ein omleggingsprosess, der samordning av tenester, med målsetting om betra tenesteyting, er eit nøkkelord. Året 2007 vert eit år der den nye barne- og familietenesta skal etablerast i ny organisasjon. Det vert også eit viktig år i høve til sosialtenesta, som i løpet av første halvår av 2008 skal vera etablert i det kommunale NAV-kontoret.

Sosialkontoret i Radøy har i 2006 hatt eit år med mange utfordringar der ein ser auka trong for tenestene som sosialkontoret skal yta.

Til dette arbeidet har vi trong for gode hjelparar som støttekontaktar, avlastningsheimar og liknande. Sosialkontoret vil, på vegne av brukarane, takka for den innsatsen som vert gjort. Samstundes vil vi oppfordre enkeltpersonar eller familiar som har tid og overskot til å gjere ein innsats over tid, til å ta kontakt med sosialkontoret.

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(1 757 845)	(833 000)	(824 845)
Løn og sosiale utgifter	4 468 115	4 508 000	(12 885)
Driftsutgifter utanom løn	8 458 595	8 542 000	1 814 585
Finansinntekter	(58 248)	(60 000)	(38 248)
Finansutgifter	272 534	327 000	(54 466)
Sosial/barnevern/flyktningar	11 371 152	10 385 000	986 153

Tenester for bu- og funksjonstrening (BF-tenesta)



Jørgen Bleikli
dagleg leiar

Fakta

Tal tilsette: 72
Årsverk: 35,5
Brukarar: 25

BF-tenesta yter hjelp etter Sosialtenestelova og gir praktisk hjelp og opplæring til dei som har eit særleg behov på grunn av sjukdom eller funksjonshemming. Eininga gir også avlasting til familiar som har eit tyngjande

omsorgsarbeid. Tenestene kommunen yter til desse brukargruppene er heilt nødvendige for den einskilde og ein er avhengig av at der er tenesteytar i sving alle timar i døgnnet og alle dagar i året. BF-tenesta har ein stor og ansvarsfull arbeidsstokk som sikrar kontinuitet og god kvalitet på tenestene. Eininga står av og til overfor utfordringar som ikkje let seg løyse på ein fullgod måte. Det kan vere vanskeleg å sjå at einskilde tenestemottakarar, i kortare eller lengre periodar, må leve med redusert livsstandard og då særleg der betre økonomi kunne ha utgjort skilnaden.

Måloppnåing 2006

Ramme for 2006 blei redusert i budsjettprosessen, og dette gav oss utfordringar med å redusere tenestevolumet for å tilpasse det budsjettet. Dette har vore vanskeleg og vi har måtta tåle ein del negative tilbakemeldingar i den samanheng. I denne prosessen er der også lyspunkt å ta med. Vi har hatt eit godt samarbeid med andre etatar der vi m.a. har hatt ungdom til arbeidsutprøving og i arbeidspraksis. Dette har vore positivt på mange måtar, og eg er imponert over gode haldningar og arbeidsinnsats frå desse, og den måten dei fast tilsette har tatt rettleings- og oppfølgingsrolla på.

Eit mål for 2006 var å ta i bruk IKT, ved å knyte bueingane saman i nettverk. Også opplæring var her nødvendig for at kommunikasjonen skulle flyte bra. Vi manglar nettverk i Tømmerdalen, men dei andre er knytt saman og opplæringa er godt i gang. Einskilde mål er sett av andre og på sentralt hald. Dette gjeld m.a. innføring av IPLOS. Så lenge anna ikkje blir bestemt, må vi følgje opp med

registrering og rapportering. Dette arbeidet er sett i gang og alle endringar av tenester og tilbod blir registrert og rapportert inn til sentralt hald.

Ved den kommunale avlastingsbustaden har det vore eit aktivt år. Vi har hatt eit stort tenestevolum, og vi har også selt tenester til andre kommunar slik målet var. Vi har ei oppfatning av at avlastingstenestene er av god kvalitet, men at einskilde i periodar kunne tenkje seg meir avlasting. I 2006 flytta ein brukar ut frå foreldreheimen og inn i kommunal bustad. Dette fører til at kommunen må ta ansvar for den daglege oppfølginga.

Målsetjing for 2007

Mange av våre brukarar er heilt avhengig av hjelp frå andre for å koma seg gjennom dagen. Dette inneber eit stort ansvar, og krev eit system som sikrar nødvendig hjelp. I tillegg til krav om gode system er der no aukande krav til dokumentasjon av tenestene. I 2007 vil vi arbeide m.a. med å utvikle gode rutinar for dokumentasjon av våre tenester. Vi er allereie i gang, sidan krav om slik dokumentasjon har vore der ei tid m.a. i tvangstiltak. Det er eit mål at brukarane skal vere sjølvstendige og sjølvhjelpne, så langt det let seg gjere. Det er eit mål å føre vidare arbeidet med eit nytt aktivitetssenter, for dei med størst hjelpebehov. Dette arbeidet blei starta i 2006. Vi ynskjer å halde fram med å selje avlastingstenester til andre kommunar, og vi vil utvikle tilbodet vidare. I fjor blei det kjøpt inn utstyr for aktivitetar ute, for å gjere opphaldet ved avlastinga meir aktivt for den einskilde. Ein til to personar har behov for å kunna etablere seg i tilrettelagt bustad med oppfølging frå kommunen, og det er eit mål å få dette til i 2007.

Aktiviserande fritidstilbod til personar med funksjonshemmingar har i periodar vore mangelvare på Radøy. Helseans har vore eitt av få vellukka tiltak. Det er eit ynskje for 2007 at idrettslaga tilrettelegg for t.d. eit fotballag for funksjonshemma. Med eit slikt tilbod vil ein nå ei ny målgruppe, og omgrepet breiddeidrett får då ei litt vidare tyding.

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	4 717 815	4 607 000	(110 815)
Løn og sosiale utgifter	17 703 751	18 345 000	(641 249)
Driftsutgifter utanom løn	424 880	622 000	(197 120)
Finansutgifter	20 167	20 000	167
BF-tenesta	13 430 982	14 380 000	(949 017)



Dagtilbodet i Prestbrekka, brukarar og medhjelparar i terapibassenget.



Tysdag er dagen for gardsbesøk, og på Morken er der mange ulike dyr som det er spennande å koma nær.

Hordabøheimen



Anne Berge Brattetaule
avd.sjukepleiar

Fakta:

Tal tilsette:	34
Tal årsverk:	21,3
Tal bebuarar:	20

Året som gjekk førte med seg nye arbeidsoppgåver for oss på Hordabøheimen. Allerede i juni 2005 kom det klare politiske føringer for at Hordabøheimen skulle ned i tal bebuarar og tal tilsette. Vi er no inne i ein nedbemanningsprosess som har pågått gradvis gjennom heile året. Vi har fleire tilsette som har vorte pensjonistar i løpet av 2006, slik at reduksjon i tal tilsette har pågått utan oppseiingar. Med færre stillingar vert turnuskabalen ei stor utfordring med mange små stillingar konsentrert rundt helgane. Vi skal ned til 20,1 årsverk innan 01.01.07.

Kommunestyret vedtok i juni 2006 å byggje 15 nye sjukeheimsplassar på Velferdssenteret. Vedtaket får naturleg nok konsekvenser for drifta av Hordabøheimen i tida som kjem.

Året 2006

Livet på Hordabøheimen har gått som vanleg, trass i nedskjeringar og omorganiseringar. Bebuarane har tilsynelatande ikkje merka noko til endringane, og pleien er av same kvalitet som tidlegare. Bebuarane har samansette sjukdomsbilete som krev at dei som har omsorg for dei kan faget og har interesse for det dei arbeider med. Det har dei tilsette ved Hordabøheimen!

Vi har i gjennomsnitt hatt 22 bebuarar gjennom året. Dei økonomiske rammene har ikkje gitt rom for mange «sprell», men så er vi heldige som har ein eigen konto for fest og hyggje. Velferdsfondet som Gamlehimsforeninga overrakte i 2005, skal nyttast til nettopp hyggjeleg samvær, underhaldning m.m. Vi har hatt stor glede av dette i 2006.

Frivilligsentralen kjem kvar onsdag, noko vi alle set pris på. Kjekt å møte gamle kjente. Nokre har gjerne med nyhende frå heimtraktene?

Før jul hadde vi ein skikkelig bakedag med lefsesteiking og pepperkakebaking. Prøvesmaking med solbærtoddy, adventslys og julesanger. Tusen takk til Frivilligsentralen for mange gode stunder i 2006!

I september vart vi formelt friskmeldt etter MRSA utbrotet vi vart råka av i februar 2005. Det var ein stor siger!!

Måloppnåing 2006

Hygiene har også i år vore i fokus. Vi har arbeidd opp god kompetanse på området, og hardt arbeid over tid gav resultatet vi håpte på. Budsjettet syner at vi jobbar svært rasjonelt. Vi har dei hjelpemidlane vi har trong for og brukar dei aktivt. Arven etter Barney Boe har ført til investeringar i hjelpemiddel til stor glede for bebuarar og personale. Vi vågar å tenkje i nye baner og jobbar aktivt med å riva oss laus frå dei trygge innarbeidde rutine. Det gjer arbeidsdagen spanande. Det er godt å kunne slå fast at vi har høg trivsel både blant bebuarar og tilsette.

Mål 2007

Bebuarane, deira pårørande og tilsette ved Hordabøheimen skal føle seg i varetakne i den tida vi no går inn i. Hordabøheimen skal framleis vera i utvikling, og ta imot utfordringar fagleg og økonomisk.



Nokre av dei tilsette i sofakroken

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(2 856 843)	(2 487 000)	(172 843)
Løn og sosiale utgifter	10 081 881	10 421 500	(339 619)
Driftsutgifter utanom løn	2 837 594	2 728 500	(109 094)
Finansutgifter	184 888	180 000	4 888
Hordabøheimen	10 234 109	10 843 000	(608 890)

Velferdssenteret



Berit Grindheim
avd.sjkepleiar

Fakta

Tal tilsette:	50
Tal årsverk:	27.5
Pasientar:	25

Måloppnåing

Velferdssenteret skulle for 2006 ha eit budsjett og bemanning til 25 pasientar. Inkludert 8 pasientar i bufellesskap. Pasientane i bufellesskapet er å rekna som heimebuende, men får hjelp, stell og omsorg på lik linje med sjukeheimspasientane. Velferdssenteret er inndelt i tre avdelingar: Avd. A som er dementavdeling, avd.B som er pleieavdeling og avd.C som er rehabilitering/opptrening og samstundes avdeling for dei sjukaste og terminale pasientar. Alle pasientane som bur på Velferdssenteret i dag, har høg alder og svært redusert funksjonsnivå, fåtalet et åleine, dei fleste må ha hjelp til alt. Terskelen for å få ein institusjonsplass er i dag høg og berre pasientar med stort pleiebehov og som er medisinsk dårlege, blir prioritert.

I 2006 hadde me i gjennomsnitt ein pasient i overbelegg så godt som heile året, det mangla berre 16 dagar. Me klarde ikkje å halde budsjettet, og hadde eit overforbruk på 9,31 % på fast lønn, 69 % på ekstrahjelp og 4 % på driftsmateriell. Det var i alt 61 pasientar som budde på Velferdssenteret fast eller i periodar og ein avgang på 21 pasientar. Dette seier noko om nivået på pasientane. Det vil alltid vera vanskeleg som leiar å halde eit budsjett når ein ikkje veit kor mange pasientar og kva slags kostnader den enkelte vil utløyse gjennom året, det vera seg medisinar eller stell.

Målsetjinga for Velferdssenteret er å gje pasientane ein god og meiningsfylt kvardag, med maksimal fridom og med størst mogeleg føresetnad for sjølvstende og bevaring av eigen identitet. Eit tilbod om pleie og omsorg som er tilstrekkeleg både med omsyn til kvalitet og kvantitet. NS-ISO 8402 gir denne definisjonen på kvalitet: «Kvalitet er helheten av eigenskapar en enhet har og som vurderer dens evne til å tilfredstille uttalte og underforståtte behov».



Den nye bussen
til dagsenteret på
Velferdssenteret

Me er stolt over at me har kunna gitt pasientane eit forsvarleg medisinsk og pleiefagleg tilbod. Me har såleis oppnådd målet med å gje pasientane eit godt fagleg kvalitetstilbod.

Året 2006

Året 2006 har vore eit positivt år for Velferdssenteret. Våren gjekk sin vante gang med basar i mars, med god oppslutning frå pasientar, pårørande og bygdefolk elles. Det kom inn ca. kr. 50 000. Desse pengane brukte me til nye kjøkkendører på alle avdelingane. Pasientane har vore på tur i minibussar rundt i Norhordland og spist middag på Lindås brygge. Me har grilla ute i felleshagen, og hatt besøk av musikantar og kor til underholdning for pasientane. Me har arbeidd i Sanseshagen med å setje poteter, plante jordbær, så salat og reddikar. I drivhuset har med dyrka tomat og agurk, og avlinga blei bra. På eldredagen hadde me som vanleg, under flott leiing av Randi Sævdal, felles middag på dagavdelinga med innslag av song, musikk og talar.

I løpet av 2006 har alle pleiemedarbeidarne som har halde på med å ta hjelpepleie eller omsorgsarbeidar vorte ferdige med utdanninga. Personalet på Velferdssenteret held høg fagleg kvalitet og gjer ei flott jobb overfor pasientar og pårørande. Dei hjelper kvarandre, samarbeider godt og me føler at me trass alt har godt arbeidsmiljø i ein travel og hektisk kvardag. Me har hatt det moro sosialt saman, gått turar, nokre er ivrige i symjehallen og me har hatt vår årlege tur til Skageneset og vore på innviing av garasjen til Maria med medbrakt mat og drikke.

Mål for 2007

Me har laga eit budsjett for 25 pasientar som me håper det vil vera mogleg å halde, samtidig som me har som mål å gjere det beste for både pasientane/pårørande og tilsette, slik at alle framleis kan trivast her.



Signe Marås, Aud Kolås, Mally Kjeseth og Mikal Hagen tek del i tilboda på dagsenteret. Dagsenteret har oppe 4 dagar for veka

Telst	Relasjonskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(2 606 245)	(2 200 000)	(406 245)
Løn og sosiale utgifter	13 880 127	13 286 000	594 127
Driftsutgifter utanom løn	3 045 780	2 860 000	185 780
Finansutgifter	368 038	388 000	19 962
Velferdssenteret, inkl dagtilt	14 717 678	14 445 000	272 678

Heimetenesta



Johnny Brattetaule
avd.sjukepleiar

Fakta:

Heimetenesta omfattar heimesjukepleie, heimhjelp, nattpatrulje og omsorgsbustadar.
Tal tilsette: 48
Tal årsverk: 30,4
Tal brukarar: ca 160 + tryggleiksalarmar

Heimetenesta si overordna målsetting er å levere helsetenester på eit høgast mogeleg nivå, ut frå gitte føresetnader. Heimetenesta fungerer på mange måtar som ein «buffer» innan helsetenesta i Radøy. Ein får stadig nye brukarar og kjende brukarar vert eldre, og har behov for meir hjelp. Vi leverer hjelp til ca 160 brukarar, og talet har dei siste åra vore rimeleg stabilt. Tenesta vår er i kontinuerleg utvikling. Politiske/administrative vedtak samt pålegg frå sentrale myndigheter, legg føringar for korleis tenesta skal drivast. I tillegg kjem avdelinga sine egne visjonar og ynskje.

2006 har som tidlegare år vore travelt og utfordrande på mange område. Institusjonskapasiteten i Radøy har ikkje blitt betre, og dette opprettheld press ute i tenesta vår. Kommunen har vedteke at ein skal byggje ny sjukeheimsavdeling med 15 sengeplassar i tilknytning til Velferdssenteret. Det er førebels ikkje avklara om desse kjem i tillegg til dei institusjonsplassane ein i dag driftar på Velferdssenteret og Hordabøheimen, eller om nokre av desse forsvinn når dei nye er ferdigstilte. For heimetenesta medfører dette at utsiktene, og håpet om redusert press på tenesta ikkje er avklara.

Dagens rammer har gitt oss utfordringar ein etter beste evne har løyst. Vi har eit godt miljø på jobben, og arbeidstakarane har vore fleksible og vist ståpåvilje.



Sjukpleiar Unn Kristin Soltveit arbeider i heimetenesta.

Vi er samde om målet, og at ein berre når dette i fellesskap. At ein viser stor vilje/innsats for å løyse felles utfordringar, kan diverre også gi uønska resultat. Arbeidspresset kan gå ut over eiga helse og føre til sjukefråvær, tenesta har diverre eit høgare sjukefråvær enn ynskjeleg. Elles lyt ein gi pårørande honnør for den innsatsen dei yter, og samstundes takke brukarane for at dei til tider viser stort tolmog og venter til hjelpa kjem.

Ei av målsetjingane til eininga var å drifta i samsvar med dei økonomiske rammene ein har fått tildelt, og dette har vore og er ei stor utfordring. Allereie i februar måtte ein be sentraladministrasjonen og politikarane våre om å trekke tilbake nedskjeringane ein hadde blitt pålagt. Ein bad samstundes om tilleggsøyvingar slik at ein kunne oppretthalde forsvarleg drift. Ein vil med dette takke dei ansvarlege, som såg alvoret i saka og retta opp eit budsjett og ei drift i ubalanse. Når året no er omme, kan tenesta presentere eit samla budsjett i balanse.

Heimetenesta hadde elles intensjon om å gjennomføre felles fagdagar for pleie og omsorg i 2006. Gjennomføring av fagdagar krev mykje førearbeid og planlegging, og dette fekk vi diverre ikkje tid til i år. Det er synd at ein ikkje har klart dette, då erfaringane er at slike samlingar, godt humør og relasjonsbygging mellom einingane gir brukarane eit betre tilbod. Utfordringane innan pleie og omsorg er store og det er berre gjennom samarbeid og samhandling vi kan møte og løyse dei.

Målsetjinga for kommande år blir som tidlegare å finne optimale løysingar, med tanke på å levere god kvalitet på tenestene våre. Ein må vidareføre samarbeide med brukarane og deira næraste, og samstundes må ein vidareutvikle samarbeidet på tvers av einingane og ta vare på arbeidsstokken vår. Eit viktig ledd i dette kan vera vidareføring av konseptet med fagdagar der alle einingane er samla.



Borghild Taule har det trygt og godt, og trivst i omsorgsbustaden sin på Manger

Tekst	Relasjon	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(2 188 915)	(2 132 000)	(38 915)
Løn og sosiale utgifter	13 810 454	14 421 000	(601 546)
Driftsutgifter utanom løn	1 700 484	1 678 000	80 484
Finansutgifter	1 021 348	855 000	88 348
Heimetenesta	14 441 369	14 923 000	(481 631)

Teknisk utbygging/drift



Einar Færø
driftsleiar

Vassverk

Me har i år hatt mange og kostbare leidningsbrot der leidningane på brotstaden har vore i ein slik stand at store utskiftingar har vore nødvendig for at utbetringa skulle verta tilfredsstillande. Me kan nemne Grønålen, Øvre Manger og i marka ovanfor Gjenbruksstasjonen på Manger. På den siste brotstaden fekk me to brot

tett på kvarandre, og dette førte til at folk på Manger var utan vatn i nesten to døgn. Beredskapen vart sett skikkeleg på prøve og avslørte at kommunen ikkje hadde gode nok planar for å handtere slike hendingar. Ei arbeidsgruppe er nedsett for å arbeida ut betre beredskapsplanar.

Radøy kommune har hatt konsulentar i sving med prosjektering av nytt vassbehandlingsanlegg på Kolåseidet. Bygginga startar i slutten av januar 2007 og skal stå ferdig til bruk i september. Borevika pumpestasjon vil då gå ut av den ordinære drifta slik at ein vert ståande att med eitt vassbehandlingsanlegg/pumpestasjon som skal forsyne heile kommunen med vatn. Dette er i samsvar med vedteken hovudplan for vassverket.

Kloakkanlegg

Hovudplan avløp vart vedteken i juni 2006. Tiltaka i planen er prioritert etter kostnad og miljøgevinst. Eit av tiltaka er omlegging av utsleppsleidningen i Nesvatnet slik at denne kan gå på sjøfall. Prosjekteringsarbeidet pågår, men det er så langt ikkje sett i gang arbeid med sjølve leidningen. Arbeidet vil verte lyst ut på anbod og truleg starta opp på våren 2007. Me har innafor avløp ikkje hatt nemneverdige problem i form av brot og anna dette året.

Kommunale vegar

2005 har vore eit år med små midlar til opprusting av kommunale vegar. Til investeringar vart det berre sett av kr 300 000,-. Dette rakk til litt asfaltering i Manger senter og litt lapping i byggefeltet i Austmarka. Me har etter beste evne med tilgjengelege ressursar utført tradisjonelt vedlikehald på vegane. Men ser at dette ikkje på langt nær er nok til å oppretthalde den standarden me opplever at brukarane vil ha.

Kommunale bygg

Åtte nye omsorgsbustader i Idrettsvegen 8 vart ferdigstilte. Dei ligg fint plassert like nedom eksisterande omsorgsbustader på Manger. Kostnadene for prosjektet vart ca 9,5 mill. kr og arbeidet har vore utført av Reknes Byggjeverar L.L. Nytt ventilasjonsanlegg ved Austebygd skule stod ferdig til sommaren. Mykje av det bygningsmessige vart utført med egne folk.

Planleggingsarbeidet med ny skule på Sæbø og nye sjukeheimplassar på Manger pågår.

Vaktmeistarane våre har utført og deltatt i mange byggjeprojekt. Dei mest omfattande av desse har vore rehabilitering og heilt nytt kjøkken ved Manger barneskule og utviding av eksisterande kjøkken ved PL på Storsandvik.

Av andre tiltak kan nemnast oppussing av bad i gamle doktorgarden og delvis nytt kjøkken. Ny terrasse ved Bø barnehage, ny skillevegg i Sæbø barnehage med meir.

På haustparten har mange av vaktmeistarane i lange perioder delteke i takarbeid ved Radøy ungdomskule. Eit arbeid som gjekk ut på å løfte taket over dei to flate takpartia i samband med etablering av nye ventilasjonsanlegg ved skulen. Tiltaket har gjeve skulen to nye areal på til saman ca. 600m². Kva areala skal nyttast til er enno ikkje bestemt. Men behovet for meir areal er tydeleg til stades.

Utbygging byggefelt

Austmarka Øvre har vore regulert for utbygging i lengre tid utan at kommunen eller andre private aktører har sett i gong utbygging. Dette fordi kostnadene med tilrettelegginga av trafikklysinga vil verta svært høge. Ein privat aktør har no inngått opsjonsavtale med kommunen om kjøp av arealet. Det vert arbeidd for ei fortetting av området for på den måten å få ned kostnadene i høve til endeleg avkastning. Går det slik aktøren håper vil ei utbygging kunne starte opp til våren/sommaren.

Brannvernet

Brannvernet har hatt eit moderat år utan store brannar eller ulukker. I løpet av året har brannvernet bygd opp ein ny brannbil som no framstår som ny og klar til bruk.

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Akkvik
Driftsinntekter	(12 945 185)	(11 058 000)	(1 887 185)
Løn og sosiale utgifter	6 068 588	5 122 000	946 588
Driftsutgifter utanom løn	8 579 579	6 734 000	2 845 579
Finansutgifter	3 380 747	3 111 000	279 747
Teknisk drift, inkl VAR-områ	6 123 760	3 909 000	2 214 759

Plan/byggesak/oppmåling



Tore Rikstad
leiar byggesak

Avdelinga arbeider med byggesaker, plansaker, reguleringsplanar og overordna planar som kommuneplan og kommunedelplanar. Avdelinga er også sekretariat for hovudutval for plan, landbruk og teknisk.

Arbeidet med kommunedelplan for Manger er snart slutført, og arbeidet med revidering av reguleringsplan for Manger sentrum har starta. Det har i året også vore oppstart av arbeidet med kommunedelplan for Radøy Sør.

Med grense mot Lindås kommune og nært opp mot Knarvik og Bergen er dette området blitt eit «pressområde», og den høge aktiviteten syner eit klart behov for ein overordna plan.

Avdelinga har slutført arbeidet med godkjenning av 2 større private reguleringsplanar, og det er gjeve oppstartsløyve for 5 nye planar der arbeidet med planlegginga av trase for den nye riksvegen 565 over Radøy, er ein av dei. BKK har i 2006 starta arbeidet

med planlegging av straumføring frå Kollsnes til Mongstad. BKK er og engasjert i Vestavind sitt prosjekt med Mjøs vindpark. Her vil dei setja opp ei prøvemast for å sjå på tilhøva for vindmøller på Radøy.

På byggesak har aktiviteten også gjennom dette året vore stor. Statistikken viser at det handsama ca. 240 saker. Det er gitt byggeløyve på ca. 40 nye bueningar innbefatta einebustader, tomannsbustader og leilegheitskompleks. Også for året 2006 ser ein ei klar endring i bumønsteret til at ein ønskjer å byggja mindre bueningar i leilegheitskompleks, og i denne samanheng må nemnast at det er søkt om og gitt bruksendring på fleire bygg kor det tidlegare var andre aktivitetar som t.d. i Coop-bygget på Lunde. Aktiviteten med hyttebygging i perioden har også vore stor, og det er gitt byggeløyve på ca. 12 hytter.

Det interkommunale byggetilsynet i nordhordlandskommune (NGIT) har no hatt sitt første driftsår. Også i vår region er det avdekka ein del feil og manglar. Byggetilsyna viser klart at mange av dei ulike aktørane i byggebransjen ikkje har nok kjennskap til plan- og bygningslova.

Innan oppmåling har bemanninga vore redusert i periodar grunna permisjon. Ein har difor måtta prioritera den daglege drifta med utarbeiding av m.a. målebrev, og dette har nok gått litt utover ein del planleggingsarbeid. Ein har også arbeidd med adresseprosjektet. Alle eigedomar har no fått tildelt si adresse med vegnamn og husnummer. Oppsetting av vegnamnskilt tek til i 2007.

Elles vil ein minna om våre nettsider (www.radoy.kommune.no), at kommunen sine kart er lagt ut på nett (www.nordhordlandskart.no) og at dei fleste reguleringsplanane også er lagt ut (www.geoweb.no/braplan).

Jordbruk



Øyvind Thømt
jordbruksjef

Det vart i 2006 løyvd 550.000 kr til tiltak i kulturlandskapet og skogtiltak. Totalt vart det søkt om godt over 1 million kroner i tilskot. Tiltak i landskapet vart prioritert framfor restaurering av bygningar. Me vonar at gardbrukarane i Radøy kommune får meir SMIL-midlar i 2007.

Det vart handsama 5 søknader om tilskot frå BU-ordninga. Gardbrukarane i Radøy kommune fekk om lag ein 1 mill. kr i tilskot frå BU-ord-

ninga i 2006. I Radøy kommune er det vilje til å satse blant gardbrukarane, spesielt innafør mjølkeproduksjonen. Grensa for å kunne søkje BU-tilskot for bruksutbygging, vart i 2006 sett ned til eit kostnadsoverslag på 150.000 kr. Ein vonar at dette fører til at også det skjer ei fornying blant småbrukarane i kommunen. Totalt vart det selt mjølkekvotar frå 6 gardsbruk med i alt 307.000 liter. Det var ti bruk som kjøpte mjølkekvote. Totalt vart det kjøpt 164.000 liter, mens det var ynskje om å kjøpe 331.000 liter. Kvotar som vart kjøpt privat, hadde ein pris på i overkant av 4 kr pr liter i gjennomsnitt. Prisen på mjølkekvote er relativt låg i Hordaland dersom ein samanliknar med andre fylke i Noreg. I mjølkeproduksjonen ser ein ei strukturendring. Fleire mjølkeprodusentar vel å drive i samdrift, anten som passiv deltakar med utleige av kvote, eller som aktiv deltakar i samdrift. Denne tendensen ser ut til å vare ved også i 2007.

Tal sau aukar i Radøy kommune. Dette er gledeleg. Sauen produserer ikkje berre kjøt og ull, men er og viktig i pleie av kulturlandskapet. I og med at det vert rydda mykje beite i Radøy kommune, er auken av tal sau å forventa. Det vert ei utfordring å få til investeringar i driftsbygningar for sau.

På slutten av året vedtok kommunestyret å avvikla ordninga med nedsett grense for å søkje konsesjon, såkalt 0-konsesjon, slik at eigedom med bygg under 100 dekar kan kjøpast konsesjonsfritt i Radøy. Føresetnaden er at det ikkje er meir ein tjuve dekar med fulldyrka mark.

Landbrukskontoret har retta opp markslagsgrensene i det digitale kartverket. Nytt jordregister vert utarbeidd i løpet av 2007. Rett digitalt kartverk er viktig for gardbrukarane i kommunen. I så og seie alle saker vert areal, både totalareal og bonitet, ei viktig del av vurderinga.

Tal gardbrukarar som søkte produksjonstilskot, var i 2006 166 bruk. Dette er ein liten nedgang i høve til 2005. Tal bruk som søkjar tilskot frå RMP-ordninga aukar. Ei årsak til dette, kan vere at fleire bruk er merksam på denne ordninga.

Alle bruk som søkjer produksjonstilskot, vart i 2006 invitert til møte, kor landbrukskontoret var vertskap. Totalt vart det seks møte. Mellom 80-100 kom på møta. Dette er landbrukskontoret nøgd med, og håpar å kunne ha nye møte i 2007.

Tekst	Relasjonskap	Budsjett	Auvalk
Driftsinntekter	(2 200 585)	(2 317 000)	47 415
Løn og sosiale utgifter	2 972 248	3 182 000	(219 751)
Driftsutgifter utanom løn	1 184 481	770 000	414 481
Finansutgifter	255 187	475 000	(219 813)
Plan, landbruk, miljø	2 142 341	2 120 000	22 342

Skogbruk, vilt og miljø



*Asbjørn Nagell Toft
miljøvernleiar
skogbrukssjef*

Skogbruk

I september vart det halde skogs- dag på Risnes og mange møtte opp. Temaet var skogbrannfare, skogforsikring og partering av hjort. I alt vart det hogd om lag 1000 kubikkmeter tømmer i 2006. Noko vert vidarefor- edla lokalt og ein del sendt til Gran- vin bruk. I 2006 vart skogmidlane på kr. 150.000 løyvd til ein heilårs traktorveg på Tjore. Eit godt skogs- vegnett er ein føresetnad for aktivitet i skogen dei fleste stadar i kommu- nen.

Storleiken på kvoten som Radøy kommune får tildelt frå Fylkesmannen er avgjerande for å få realisert nye skogsvegar.

Viltforvaltning

Det vart tildelt 234 fellingsløyve for hjort i 2006, og det vart skote 217 dyr, 48 kalvar, 39 spissbukkar, 44 vaksne hanndyr og 86 hodyr. I 2005 vart det skote 166 hjortar, tildelt 182. Ein har såleis auka avskytinga med nesten 30% på eitt år, og dette er gjort for å få redusert hjortestamma. Med ei fellingsprosent på 93 % i 2006 framstår Radøy som den kommunen i fylket som har høgast uttak av hjort i høve til produktivt areal. Kom- munen har arbeidd for å leggja til rette for godt samarbeid om ei sikker og human jaktutøving. Det vart organisert jaktopp- syn for å sjå etter at jakta føregjekk på ein god måte. Hjorte- jakta pågjekk frå 10 september til 15. november. Det vart sett og skote mest hjort nord på Radøy. Dette biletet stemmer også når ein ser på hjorteskadar på skog og eng, der skadane er størst nord i kommunen.

Det vart også gjennomført hjorteteljingar to helger våren 2006. Om lag 30 personar var med på desse teljingane. Dette teljearbeidet er viktig for å få ei god viltforvaltning i kom- munen. Teljinga som byrja i 1999 viser at hjortestamma dei siste åra har auka att. Det årlege viltmøtet før hjortejakta vart halde på rådhuset, og omlag 70 personar møtte fram. Denne gongen møtte professor Rolf Langvatn opp og heldt føredrag om hjorten og hjorteforvaltning m.m. Radøy kommune har hatt storleiken på minstearealet til eit hjortevald på høyring i 2006, og forslaget er å senka denne for å kunne gjeva fleire løyve der det trengst.

Skotpremien på rev og mink vart teke ut av Radøy kommune sine budsjett frå år 2006, men frå 2007 er dette på plass att med 200 kr pr. rev og 50 kr pr mink. Det vart gjeve skotpre- mie på 5 rev og 1 mink og i 2006. Til orientering vart det i 1994 felt 174 rev i Radøy og i 1997 felt 67 minkar. Reveskab- ben har redusert revestamma hardt, men no aukar revestamma att. Radøy kommune gav løyve til hijakt på rev nokre stadar på grunn av stort dokumentert lammetap. Det har og vorte gjeve løyve til uttak av gjess utanom normal jakttid der skade på eng har vore stor. Elles har Radøy no fått fått ein livskraftig oter- og havørnstamme, og det pågår ein del forskning og undersøkingar på oterstamma i vårt område no.

Miljø og blågrønnealger

I arbeidet med arealsaker og enkeltsaker skal omsyn til natur, landbruk, miljø, kulturminne og friluftsliv vera med i saks- handsaminga. Konsekvensane kan vera svært uheldig både på kort og lang sikt ved dårleg forvaltning av areala våre. Også saker som kjem inn under forureiningslova prøver Radøy kommune å løyse. Eit aukande problem i Radøy sine mange vatn og vassdrag er all oppblomsting av blågrønnealger. Det nye i år 2006 var at Radøy kommune er kome med på eit nasjonalt prosjekt som ser på denne problematikken. Det er saman med Fylkesmannen i Hordaland si miljøvernavdeling og firmaet Rådgivende biologer ein gjennomfører denne overvakinga. Mange vatn vert no undersøkt og toksinmå- lingar vert gjort regelmessig. Blågrønnealger kan til tider produsera toksiner (gift) som kan vera uheldig og fårleg for folk og dyr. Til no er det ikkje målt fårlege mengder med toksiner i våre vassdrag, men konsentrasjonen av slike alger i våre vassdrag er til tider svært høg så det er viktig å følge utviklinga framover

Kartlegging av det biologiske mangfaldet på sjø og land

Kunnskap om det biologisk mangfaldet både på sjø og land er nyttig og interessant for mange. Slik kunnskap vert brukt både i skuleundervisning og i forvaltninga i Radøy kommune. Både «Naturtyperegistrering», «Viltregistrering» og «Regis- trering av Sjøaurevassdrag» ligg m.a. på heimesida til Radøy kommune. Alle skulane og biblioteka i Radøy har fått desse rapportane. Rapporten «Registrering av sjøaurevassdrag i Ra- døy» kom ut i 2006. Den gjev ein oversikt over alle vassdrag som det går sjøaure i.



Oter på ein holme i Radøy. Fisketuren er ferdig for dagen.
Foto: Terje Haugland i SNO

Kultur/kulturminnevern



Rune Rydland
kulturkonsulent

Kulturdagar

I tida 23.april – 6. mai vart det skipa til kulturdagar saman med Meland og Lindås. Bård Kolflåth si utstilling på biblioteket på Manger var ramma kring opningsarrangementet. Ordførar Olav Steinar Namtvedt stod for den offisielle opninga og det var møtt fram om lag 50 personar. Litt seinare på dagen var offisiell overlevering av Tingstova frå arbeidsgruppa til Manger bygdelag. På dette

arrangementet vart det lese opp «Gulatinget i segn, myter og ervesoga» av Gunnstein Kolstad. Det var i alt 32 arrangement under kulturveka. Open gard på Nøttveit og Nordic Tenors i Manger kyrkja var dei to arrangementa som trekte mest publikum.

Kulturprisen

Kulturprisen i 2005 gjekk til Guttorm Storheim. Han fekk prisen for arbeidet han har lagt ned i den store motorsamlinga si. Kulturprisen vart delt ut av ordførar Olav Steinar Namtvedt i samband med avslutningsarrangementet for Kulturdagane i Radøyhallen.



Ordførar Olav Steinar Namtvedt
og Eivind Kolflåth.

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(143 073)	(32 000)	(111 073)
Løn og sosiale utgifter	442 787	450 000	(7 213)
Driftsutgifter utanom løn	977 915	584 000	393 915
Finansutgifter	383 648	281 000	102 648
Kultur	1 641 258	1 273 000	368 257

Kulturminnevern i Radøy

Radøy kommune har arbeidd ein del med å skaffa midlar til istandsetjing av kulturminne og kulturlandskap. Dette i godt samarbeid med Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland. Til saman kom det midlar frå desse to instansane på 111.200 kroner til bygningsvern i Radøy kommune i 2006. Kr. 100.000 av desse midlane vart løyvd til Bogatunet og elles til to gardflorar. Radøy kommune ved formannskapet løyvde kr. 100.000 kroner til bygningsvern, desse var tildelt kvernhuset på Manger ved Radøyhallen, og til arbeid med kvernhusmiljøet på Villanger.

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(1 004 938)	(1 004 000)	(836)
Løn og sosiale utgifter	855 353	842 000	(13 353)
Driftsutgifter utanom løn	787 208	631 000	156 208
Finansutgifter	488 282	457 000	31 282
Radøyhallen	1 115 915	1 026 000	89 915

Radøyhallen



Odd Matre
oppsynsmann

Dette året er det 19 driftsåret i Radøyhallen. Det har ikkje vore utført noko større vedlikehaldsarbeid i Radøyhallen dette året.

Det er ein liten auke i offentleg bading i høve til i fjor. Bassenga var også dette året stengt i mai. Radøy ungdomsskule har frå skulestart hausten 2006 teke oppatt symjeundervisning, noko me ser som svært positivt og håpar vil halda fram. Me har også

dette året delteke i ein landsomfattande symjekampanje som Noregs Symjeforbund starta, og det har vore stor oppslutning om denne. Dette året har «Vestkantsvømmerne» hatt treningssamling i Radøyhallen. Dei var svært nøgd med opphaldet og har også tinga plass for 2007.

Idrettshallen

Idrettshallen er som før stort sett brukt av lag og organisasjonar i Radøy, i tillegg til Floenkollektivet med fleire. Manger folkehøgskule har også dette året også brukt idrettshallen til undervisning. Radøy ungdomsskule og barneskulane er hovudbrukarar på dagtid. Dei mange kunstgrasbanene som har kome i distriktet vårt, i kombinasjon med milde vintrar, merkar me godt på utleiga haust og vår. Me har likevel bra utleige om vinteren.

Det har også dette året vore to dansegallaer. Av andre større tilstellingar kan me nemne større og mindre konsertar, jubileumsfest for Manger senterforening, hundeutstilling, Manger Cup, Mangerfestivalen, treningsleir for Hordaland Volleyballkrets m.m.

Skytebana

Skytebana er ut leigt til Manger Skyttarlag. Det er aktivitetar 5 dagar i veka, 3 timar kvar kveld, i tillegg ein del stemne i helgene i tida september til og med april.

Mål for 2007

Me har fått utarbeidd tilstandsrapportar for heile Radøyhallen. Vedlikehaldet er bra, men det er likevel ein del større arbeid som må gjerast for å tilfredstillast dagens krav. Det mest omfattande er renseanlegget i terapibassenget, med ein kostnad på ca. kr. 900 000. Bassenget er ikkje godkjent slik det er i dag, og me må ha dispensasjon for å bruka det. Arbeidet bør setjast i gang I 2007. Det vert ikkje gjeve spelemidlar til rehabilitering av dette bassenget. Skytebana må det også gjerast noko med, først og fremst må det leggjast nytt golv fordi det er fuktskader i grunnen. Det er sendt søknad til STUI I 2007 om rehabilitering av skytebana.

Musikk- og kulturskulen



Ann Christin Hoen
Musikk- og kulturskulerektor

Fakta	
Tal tilsette:	11
Tal årsverk:	2,94
Elevtal:	165
Instrumentval:	11
Gruppeval:	4
I tillegg gruppeundervisning	
4 lag kjøper tenester	

Ann Christin Hoen har vore fast tilsett i full stilling som rektor sidan sept. -98. Rektor har i 2006 hatt 40% administrasjon og resten undervisning i musikkskulen.

Måloppnåing 2006

Musikkskulen har samarbeidd med både nabokommunar og folkehøgskulen om konsertar i kulturdagane. Elevane i RMK har vore synlege i kommunen og har medverka på mange ulike arrangement og møte i lokalmiljøa. Vi har også hatt skulekonsert på Sæbø og Hordabø i skuletida. I februar hadde vi ein «annleis» kveldskonsert med tema «dyresuiter», der elevar frå musikkbarnehage og barneskulen kledde seg ut og song og spelte om dyr. Framleis har vi elevar på venteliste, men vi har fått nokre få timar meir til laga frå og med skuleåret 2006/2007.

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(428 878)	(383 000)	(33 878)
Løn og sosiale utgifter	1 225 150	1 324 000	(98 841)
Driftsutgifter utanom løn	122 234	100 000	22 234
Radøy musikk- og kultursku	920 518	1 031 000	(110 483)

Kulturdagane 2006

I samarbeid med kulturskulane Meland og Lindås gjennomførte vi konsertturné i desse kommunane. Vi hadde òg ein flott samarbeidskonsert med folkehøgskulen 3. mai. I samarbeid med kommunen deltok våre elevar både på opninga og avslutninga av kulturdagane i kommunen, og vi var synlege ved fleire tilstellingar i kommunen.

Samarbeid med Sæbø barnehage

Tilbodet musikkbarnehage har på Sæbø hatt ei gruppe med 11-13 born i mange år. I haust har vi i samarbeid med barnehagen utvida tilbodet og fått undervisninga tidleg på dag. Vi har kalla det for eit musikkprosjekt mellom Sæbø barnehage og Radøy musikk- og kulturskule. Vi har 33 born frå 1 – 5 år.

Mål 2007

Det er viktig å gi arenaer for elevane til å opptre både i og utafør kommunen, og dette vil vi prioritere og samtidig vil RMK leggje til rette for samspel. Vi ønskjer å utvide tilboda, til andre uttrykk som til dømes teiking og måling, dans eller teater, men er avhengig av midlar og lokale frå det kommunale budsjettet. Vi vil òg vidareutvikle samarbeidet med Sæbø barnehage og bevare tilboda vi har i inneverande skuleår og vere synlege i lokalmiljøa.

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Driftsinntekter	(107 079)	(87 000)	(10 079)
Løn og sosiale utgifter	827 528	871 000	(43 472)
Driftsutgifter utanom løn	312 581	304 000	8 581
Finansutgifter	9 189	-	9 189
Radøy bibliotek	842 179	878 000	(35 821)

Bibliotek



Mona Brekkan
biblioteksjef til aug 2006

Radøy bibliotek består av hovudbiblioteket på Manger og filialane på Sæbø og Hordabø. Biblioteket har 2 tilsette og ein stillingstorleik på 1,7 årsverk. Bokbåten «Epos» har 3 stopp på Radøy: Sletta, Straume og Toska

Måloppnåing

Radøy bibliotek fekk godkjend "Utviklingsplan for Nordhordlandsbiblioteka 2006-2010", ei vidareføring av "Biblioteksamarbeidet i Nordhordland". Me starta opp med felles transportordning med dei andre biblioteka i Nordhordland og Bergen off. bibliotek for å få eit betre tilbod til brukarane og for å få ei betre utnytting av bokbasen. Me arbeidde vidare med "Gje rom for lesing" prosjektet i samarbeid med grunnskulen .



Unni Ystebø
Konst. biblioteksjef.

Andre viktige hendingar frå rapporteringsåret

I år var den offisielle opninga av kulturdagane på biblioteket med opninga av båtutstillinga "Mangerfunnet" til Bård Kolflåth. Me har hatt datakurs i lag med Frivilligsentralen for folk utan grunnleggjande datakunnskapar - som er ei sentral oppgåve for folkebiblioteka, og i tråd med Program for digital kompetanse 2004-2009. Me har hatt Eventyrstund for førskuleborn , teaterbesøk for 1.klassingane med forestillinga «Den kjempestore krokodillen» av Roald Dahl. Møtet «Fokus på tryggleik på internett» med m.a. Tron Øgrim, Redd barna og Norsk Dataforening i samband med Radøy ungdomsskule. Fofattarbesøk av Rune Timerlid i samarbeid med Radøy mållag i høve 100-års markeringa for nynorsken. Hordabø filial og Hordabø skule fekk nettbasert utlån. Elles har det vore stor byggeaktivitet hjå oss i haust; det er skifta tak og me skal få nytt luftanlegg. Dette har i periodar medført ein del forstyringar og dårlegare tilbod for lånarane.

Mål for 2007

Radøy bibliotek skal arbeida vidare med arbeidet frå tidlegare år og følgja opp «Kommunedelplanen for bibliotektenestene i Radøy 2005-2010». Me har som mål å vera ein møtestad for trivsel og kulturelle opplevingar. Me skal vidareføra arbeidet med regionprosjektet «Gje rom for lesing» for å få alle skulane til å ta i bruk nettbasert bokutlån.



Radøy kommune
*ligg nord for Bergen og
har ei reisetid frå Bergen sentrum,
til kommunesenteret på Manger, på omlag
50 min. Kommunen, med omlag 4700 inn-
byggjarar, har eit godt utbygd skule-
og barnehagetilbod, eit rikt kulturliv
og gode vilkår for friluftsliv
på sjø og land.*

Radøy den grønne øya



Manger kyrkje

Hovudansvarleg for innhald:
Assisterande rådmann Leif Taule
Redaksjonsnemnd:
Leif Taule, Rune Rydland, Sveinung Kvamme

Framsidedfoto: Kjersti Isdal
Baksidedfoto: Rune Rydland